

Georg Arnestad

## **”Kulturregion Vestlandet”?**

**Føresetnader og utfordringar for ein  
felles kulturregion på Vestlandet**

**Georg Arnestad**

## **”Kulturregion Vestlandet”?**

### **Føresetnader og utfordringar for ein felles kulturregion på Vestlandet**

**HSF-rapport 5/02**

**Sogndal, 21 april 2002**

Prosjektittel: Kulturregion Vestlandet

Oppdragsgivarar: Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune

ISBN 82-466-0069-9

<b>TITTEL</b>		<b>RAPPORTNR.</b>	<b>DATO</b>
<b>”Kulturregion Vestlandet”?</b> Føresetnader og utfordringar for ein felles kulturregion på Vestlandet		5/02	21.4.02
<b>PROSJEKTTITTEL</b>		<b>TILGJENGE</b>	<b>TAL SIDER</b>
<b>Kulturregion Vestlandet</b>		Open	54
<b>FORFATTAR</b>		<b>PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG</b>	
Georg Arnestad		Georg Arnestad	
<b>OPPDRAGSGJEVAR</b>		<b>EMNEORD</b>	
Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar		region, regionalisme, regionalt partnerskap, identitet, kulturforsøk	
<b>SAMANDRAG / SUMMARY</b>			
<p>Det går for tida føre seg mange prosessar når det gjeld utforminga av det framtidige regionale Noreg. Så langt har kulturlivet og kultursektoren stått på utsida av desse prosessane. Kulturlivet plar gjerne stritte imot forvaltningsreformer. I denne rapporten teiknar vi – etter oppdrag frå fylkeskulturstyresmaktene i dei fire vestlandsfylka – konturane av innhaldet i eit mogleg regionalt kulturforsøk og utvida kultursamarbeid på Vestlandet. Utgreiinga tek til orde for at fylkeskommunane etablerer forsøksprosjektet ”Kulturregion Vestlandet”. Prosjektet skal initiere felles kulturtiltak i regionen, og vere ein overbygning over eksisterande tiltak og prosessar. På nokre avgrensa område bør òg prosjektet overta det ansvaret og dei økonomiske verkemidla staten i dag har. <i>Scenekunstheltet</i> og <i>idrettsområdet</i> peikar seg her ut. Gjennom regionale partnerskap og avtalebasert styring kan den ”nye” kulturregionen stå for ein samla regional utviklingsorientert politikk på desse felt. Også på fleire andre område vil eit utvida kultursamarbeid medverke til å styrkje Vestlandet som region.</p>			
<b>PRIS</b>	<b>ISSN</b>	<b>ANSVARLEG SIGNATUR</b>	
kr 95,-	0806-1688	Georg Arnestad	
	<b>ISBN</b> 82-466-0069-9		

## Forord

For nokre år sidan skreiv eg ei utgreiing for Nordland fylkeskommune om kunst- og kunstnarpolitikken i dette fylket. Eg gav utgreiinga tittelen ”*Fylkeskommunen på sitt beste?*”. Utsegna – utan spørsmålsteikn – hadde eg henta frå eit intervju med den mangeårige fylkesordføraren og leiar av fylkeskulturutvalet i Nordland, Sigbjørn Eriksen. ”Fylkeskommunen er på sitt beste når han driv med oppgåver som ikkje er lovpålagde”, konstaterte den røynde fylkespolitikaren.

Denne utgreiinga handlar om eit slikt område, nemleg kultursektoren. Om *ein* fylkeskommune kan vere på sitt beste når han arbeider med kultur, kor gode kan då ikkje *fire* fylkeskommunar verte på kulturfeltet om dei slår ressursane sine saman? Det er dette som er tema for denne utgreiinga. Dei fire fylkeskommunane er Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Hovudformålet med prosjektet har vore å utgreie føresetnader, mulegheiter og interesse for eit nærmare samarbeid på kultursektoren innanfor det vi her kallar ”Kulturregion Vestlandet”. Initiativet overfor underteikna kom frå Hordaland fylkeskommune.

Frå oppdragsgivar har det vore ønskjeleg at prosjektet kunne trekkje trådar til og hente idéar frå tenking og drøftingar kring den nye europeiske regionalismen. Vi bad derfor ein av dei fremste norske ekspertane på dette feltet, professor Noralv Veggeland, Høgskulen i Lillehammer, om å kome med eit notat om dette. Notatet hans om ”*Europas nye regionalisme og kulturers rolle for vekst og vern*” følgjer denne utgreiinga som vedlegg. Eg takkar Veggeland for eit godt og meiningsfullt bidrag. Det gjorde det lettare å setje mi utgreiing inn i ein større samanheng.

Denne utgreiinga er elles i hovudsak, og som avtalt, ”eit skrivebordsprodukt”. Kontaktpersonar undervegs har vore fylkesdirektørane Jan-Per Styve, Hordaland og Lidvin M. Osland, Sogn og Fjordane. Eit rapportutkast var klart i midten av februar. Tidleg i april blei dette drøfta med representantar frå kulturstyresmaktene på folkevalt og administrativt nivå i dei fire fylkeskommunane. Representantar frå Bergen og Stavanger kommunar var også med på dette møtet.

Det er mi tru at kulturområdet høver godt for omfattande regionalt samarbeid. Og at Vestlandet er ein godt eigna region til å ta fatt på eit slikt arbeid.

Sogndal, 21.4.02

Georg Arnestad

## Samandrag

I 1985 samla representantar for kulturstyresmaktene i dei fire vestlandsfylka seg til møte i Bergen. Formålet var å drøfte om Vestlandet gjennom kultursamarbeid over fylkesgrensene i framtida kunne utgjere ”ei kulturpolitisk eining med slagkraft”. Det vart med initiativet. Tida var ikkje moden for noko meir. Det stiller seg annleis i dag. No har dei same fylkeskulturstyresmaktene bede om ei utgreiing om det i 2002 finst grunnlag for å etablere det dei kallar ”Kulturregion Vestlandet”. Bakgrunnen for dette er dei mange prosessane som går føre seg når det gjeld det framtidige regionale Noreg. Så langt har kulturlivet og kultursektoren stått på utsida av desse prosessane. Det er slik det plar vere. Kulturlivet strittar gjerne i mot forvaltningsmessige reformer. Særleg når dei inneber desentralisering av makt og verkemiddel.

Regionalisering synest i dag å vere distriktas hovudstrategi for å motverke den sterke sentraliseringa til og kring hovudstadsområdet. Dette gjeld heile Vest-Europa. Hovudstadsregionane veks for sterkt. Konsentrasjon og sentralisering av politisk makt, økonomisk vekst og kulturelt hegemoni er negative følgjeverknader for demokratiet, busetnaden og kulturelt mangfald.

Kunst- og kulturfeltet har det siste tiåret vore prega av sterk sentralisering til og kring hovudstadsområdet. Det gjeld dei fleste kunstnargrupper og kunstmiljø, og ulike organ og instansar med kvalitetsnormerande og –kontrollerande oppgåver. Så godt som alle forvaltnings- og rådgivingsorgan på kulturfeltet er lokaliserte til Oslo. Hovudstadens kulturelle hegemoni har vorte meir framtrudande dei seinare åra. I den nasjonale kulturpolitikken har det vore liten vilje til å drøfte konsekvensane av dette. Den sentrale norske meinings- og ideologiproduksjonen er like sterkt oslobasert i dag som han var på 1950-talet, sjølv om dannelsings- og opplysningsaspektet er heilt borte.

Dette er ein viktig del av bakgrunnen for at dei fire vestlandsfylka i dag tek opp att spørsmålet om å etablere ein felles ”kulturregion”. Dei gjer dette også i lys av dei mange andre regionaliseringsprosessane som føregår, og ut frå klare signal i stortingsmeldingar om at staten vil leggje vekt på regionalt partnerskap, på det regionale nivået sin funksjon som utviklingsaktør og på samarbeid mellom fylkeskommunane. Samtidig aukar interessa for å leite etter og finne fram til det som bind vestlandsregionen saman: kultur, historie, samfunnsstruktur. Finst det ein ”vestlandsidentitet”? Kor sterk er han, og kor langt strekkjer han seg?

I større grad enn for nokre år sidan kan vi i dag snakke om ein felles ”vestlandsidentitet”. Det regionale medvitet om Vestlandet som region er styrkt. Samtidig opplever vi at kultur og identitet får ei klarare instrumentell og kommersiell side med sterkare samanveving av økonomiske og kulturelle strukturar. Regionbygging medfører større fokus på kulturens instrumentelle rolle. I den forstand er kulturfeltet godt eigna til å fremje og utvikle eit nærmare regionalt og utviklingsretta samarbeid på Vestlandet. Fleire regionale prosessar og fellesinitiativ er dessutan alt i gang innan kulturlivet på Vestland. Dei fleste av desse har også som målsetjing å utfordre hovudstadens (og statens) etablerte hegemoni på kulturfeltet.

Denne utgreiinga tek til orde for at dei fire fylkeskommunane på Vestlandet etablerer forsøksprosjektet ”Kulturregion Vestlandet”. Prosjektet skal sjølv initiere felles kulturtiltak i regionen og vere ein overbygning over eksisterande tiltak og prosessar. Prosjektet bør også innanfor nokre avgrensa område overta det ansvaret og dei

økonomiske verkemiddel som staten i dag har. *Scenekunstheltet* og *idrettsområdet* peikar seg her ut. ”*Regionalt partnerskap*” og ”*avtalebasert styring*” er nøkkelorda bak prosjektet. Grunngevinga for dette er å finne i dokument som staten sjølv har utarbeidd, m.a. stortingsmeldingane om oppgåvefordeling mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Kulturfeltet er velegna for eit slikt regionalt prøveprosjekt. Feltet er ikkje etablert i striden om kva for oppgåver som bør liggje under fylkesmannen eller fylkeskommunen, og det er ingen ”kulturstrid” mellom kommunar og fylkeskommunar. Som forvaltningssektor er kulturområdet avgrensa. Ein har også betydeleg erfaring frå arbeid med regionale utviklingsoppgåver, og med dialog og samarbeid med organ og institusjonar i kulturlivet. Slike erfaringar er viktige i utviklingsretta regionalt samarbeid.

”Kulturregion Vestlandet” bør utfordre staten på scenekunst- og idrettsfeltet. På *idrettsområdet* har dei fire fylkeskommunane saman med dei respektive idrettskrinsane alt innleidd eit formelt samarbeid. Som ei forsøksordning ønskjer dei å overta ansvaret for og forvaltninga av dei statlege spelemidlane i vestlandsfylka. Det dreier seg om 100 mill. kroner årleg. På *scenekunstheltet* bør fylkeskommunane på Vestlandet – helst saman med vertskommunar for scenekunstinstitusjonar i regionen – kome med ei felles fråsegn om den nye Scenekunstutgreiinga, som alt har vekt stor motbør i regionane på grunn av det sterke hovudstadsperspektivet i utgreiinga. Her bør ”Kulturregion Vestlandet” også tilby seg å overta ansvaret for scenekunstinstitusjonar og –tiltak på Vestlandet, slik offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar har gått inn for. Det vil dreie seg om rundt 200 mill. statlege kroner årleg. Over 40 pst. av institusjonane er lokaliserte til vestlandsregionen. Behovet for utviklingstiltak er stort.

Utgreiinga foreslår elles at ”Kulturregion Vestlandet” arbeider med vidare utvikling av det aukande internasjonale samarbeidet som alt er i gang, med å utvikle strategiar for å flytte statlege og statleg finansierte organ på kultur- og, særleg, kunstfeltet frå hovudstaden til Vestlandet og med å styrkje regionens symbolske kulturmaktt gjennom medviten merkevarebygging. Det vert òg rådd til at det bør skipast eit felles museumsnettverk for Vestlandet, og at ”Kulturregion Vestlandet” tek på seg eit særskilt ansvar for nynorsk språk.

”Kulturregion Vestlandet” vil stå overfor mange utfordringar. Vestlandet er ein stor og langt frå homogen region. Det finst ein sentrum-periferi dimensjon også i det vestnorske kulturlivet. Korkje i Stavanger, Førde eller Molde vil det vere særleg interesse for at det er Bergen som skal overta dei funksjonane som Oslo har i dag. Ein må unngå at alle fellestiltak på kulturområdet vert bergensbaserte eller bergensforankra. ”Kulturregion Vestlandet” vil òg møte skepsis, kanskje aktiv motstand, frå delar av det etablerte kunst- og kunstnarmiljøet i Noreg. Trua på danskekongen, altså sentralstaten, er sterk i det norske kulturlivet. Det er heller ingen grunn til å tru at dei nasjonale kulturstyresmaktene vil stille seg positive til å overføre makt, ansvar og pengar til eit (nytt) regionalt nivå. Ikkje ein gong som del av eit avgrensa forsøksprosjekt. Truleg vil dei oppfatte regionen – ”Kulturregion Vestlandet” – meir som eit trugsmål enn som ein ressurs.

*Til sist:* Det er ikkje ein gong sikkert at dei fire involverte fylkeskommunane vil vere udeelt positive til prosjektet ”Kulturregion Vestlandet”. Kanskje vil dei sjå på dette som nok ein spiker i kista for den eksisterande fylkeskommunen?

## **Innhald**

<b>Samandrag</b>	4
<b>Region – ressurs eller trugsmål?</b>	7
Kor godt eignar kulturfeltet seg?	8
Opp til kulturlivet sjølv	10
<b>Nye regiondanningar</b>	11
Nyregionalisme	12
<b>Identitetsregion Vestlandet?</b>	14
<b>Vestlandsidentiteten i dag</b>	15
Styrkt vestlandsidentitet?	17
<b>Fylkeskommunen i kulturpolitikken</b>	18
”Glanstida” for fylkeskulturkommunen	19
<b>Kunst- og kulturlivets redsle for endringar</b>	21
<b>Den nye regionens (moglege) kulturoppgåver</b>	22
Ny scenekunstutgreiing	24
<b>Funksjons- og ansvarsdelinga på kulturområdet</b>	26
Grenser for desentralisering?	27
<b>Kultursamarbeid i dag</b>	28
Etablerte tiltak	29
Nye tiltak	30
Nyetablerte vestlandsinstitusjonar	31
Trekke ved samarbeidet	32
<b>Grunnlag og utfordringar</b>	34
Grunnlag og føresetnader: mest positive	35
Grunnlag og føresetnader: meir negative	36
Spenningar og utfordringar	36
Leggje strategisk vekt på	37
<b>Nokre strategiske arbeidsområde</b>	38
<b>Engasjement og kostnader</b>	42
<b>Litteratur</b>	43
<b>Vedlegg</b>	
<i>Noralv Veggeland:</i>	
<b>Europas nye regionalisme og kulturers rolle for vekst og vern</b>	46

## Region – ressurs eller trugsmål?

”Feiringa av det regionale går i bølger”, observerer kultursosiologen Erik Fossåskaret (2000a:28). Sett frå statsbyggjarane sin synsstad, hevdar han, ”har region og det regionale vore både ein ressurs og eit trugsmål”. Vår fremste kjennar av framveksten av den nye regionalismen i Europa, Noralv Veggeland, peikar på at ”regionen” no er i ferd med å verte den ”smeltedigelen som staters politiske, økonomiske og kulturelle utvikling hviler på”, og at det i Europa har utvikla seg eit ”normativt bias” om at ”regionen” bør setjast i sentrum for ein demokratisk og berekraftig politikk (Veggeland 2002, sjå vedlegg). Veggeland har samanfatta den ”nye regionalismens utviklingslogikk for europeiske stater og regioner” i åtte tesar. Éin av desse peikar på at hovudstadsregionane veks for sterkt, noko som skaper regional ubalanse. ”Konsentrasjon og sentralisering av politisk makt, økonomisk vekst og kulturelt hegemoni er negative følgjevirkningar for demokratiet, bosettingen og kulturelt mangfold”, skriv Veggeland (sjå vedlegg).

Omgrepet ”region” har eit mangslunge innhald. Denne utgreiinga handlar om ein region som i dag, i lys av den nye regionalismen, så smått har byrja å tenkje over mogleg felles historie, kultur og identitet, kva som samlar og kva som skil, og korleis ein ut frå dette eventuelt kan samarbeide og utvikle felles strategiar og tiltak. Å demme opp mot dei siste års sterke sentralisering kring hovudstaden, Oslo, er òg ein viktig grunn til at regiontenkinga har fått klarare fotfeste.

Regionen det dreier seg om er Vestlandet. Og kva er så ”Vestlandet”, kan ein spørje. Når ein skal svare på det, må ein ta utgangspunkt i dagens *administrative* inndeling av Noreg i fylke og fylkeskommunar. Det er nemleg slik at det ikkje berre er den nyvekta og allmenn-europeiske interessa for regionalisme, som har gjort at spørsmåla kring (ny)regionalisering har kome for fullt på dagsorden her heime. Vel så mykje dreier det seg om framtida for mellomnivået i det norske politisk-administrative systemet: fylkeskommunen.

I denne utgreiinga er Vestlandet definert som fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Initiativet til arbeidet har kome frå dei ansvarlege for kulturpolitikken og kulturfeltet i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Overskrifta er ”Kulturregion Vestlandet” – med eit spørsmålsteikn bak. Oppdraget er ikkje heilt klart definert. Eg oppfattar det slik at eg er beden om å sjå nærmare på korleis dei fire fylka gjennom eit nærmare samarbeid på kulturfeltet kan utvikle ei meir ”slagkraftig” kulturell og kulturpolitisk eining. Dette gjeld *inner* i dei fire fylka, det gjeld i forhold til *nasjonalstaten* og det gjeld også i eit *europeisk* (og internasjonalt) perspektiv.

Kulturfeltet er på fleire måtar eit ”takknemleg” område å ta fatt på. I dei mange utgreiingane som for tida går føre seg om det nye regionaliserte Noreg, har kulturområdet spelt ei ubetydeleg rolle. Det har bl.a. samanheng med at kultur som fylkeskommunalt ansvarsområde er ein *marginal* sektor. Før statleggjinga av dei fylkeskommunale spesialisthelsetenestene ved nyttår utgjorde kulturutgiftene vel



éin prosent av samla fylkeskommunale driftsutgifter. Tabellen nedanfor viser driftsutgifter til kultur i 2001 for fylkeskommunane på Vestlandet.

Tabell 1: *Netto (NDU) og brutto (BDU) driftsutgifter til kultur i fylkeskommunane 2001*

	<b>Rogaland</b>	<b>Hordaland</b>	<b>Sogn og Fjordane</b>	<b>Møre og Romsdal</b>
NDU-kultur i pst. av samla NDU	1,0	1,2	1,1	0,7
NDU-kultur per innbyggjar (kroner)	132	154	208	105
BDU-kultur per innbyggjar (kroner)	186	302	484	283

Kjelde: SSB/Kostra

I dei fylkeskommunale budsjettforslaga for 2002 utgjorde kulturutgiftene (drift) 2,9 pst. av samla driftsutgifter i Rogaland, og 2,7 pst. i Hordaland og Sogn og Fjordane (jf. Farsund m.fl. 2002). Per innbyggjar utgjør dette kr 206, kr 167 og kr 250 i dei tre fylkeskommunane. Kulturutgiftene utgjør framleis ein liten del av dei fylkeskommunale budsjetta.

Slik sett er det rimeleg at ein ikkje har lagt særleg mykje vekt på kulturfeltet i dei mange utgreiingane som har vore – og framleis vert – utførte om moglege nye regiondanningar i Noreg. Utgreiingane har helst vore konsentrerte om det ein kalle *funksjonelle* og *administrative* regionar. Men etter kvart har ein teke til å drøfte i kva grad desse regionane også kan oppfattast som *identitetsregionar* – med vekt på felles historie, kultur, forståingsrammer, særtrekk (jf. Amdam m.fl. 2000). I ein slik samanheng vert kulturfeltet meir interessant. Kulturen – og kunsten – kjem dessutan høgare på dagsorden når ein tek til drøfte nye regionar og regionutvikling i forhold hovudstadens vekst og makt. Å markere regionen som eit sjølvstendig alternativ medfører auka vekt på fremjing av regionalt medvit og regional identitet – definert særleg i forhold til hovudstadens tradisjonelle kulturelle og kunstnarlege hegemoni. Regionbygging medfører større fokus på det vi kan kalle kulturens *instrumentelle* rolle. Kultur, kunst, identitet, historie vert ein del av det arsenalet som kan brukast til å styrkje regionen også som funksjonell eining. Denne type argumentasjon vert det i dag lagt aukande vekt på.

### *Kor godt eignar kulturfeltet seg?*

Eit par andre sider ved kulturfeltet, som gjer feltet meir interessant i regionsamanheng enn ein kanskje har tenkt, kan peikast på innleiingsvis. Éin ting er at sektoren er marginal i økonomisk forstand både på statleg og fylkeskommunalt nivå. Viktigare er kanskje at sektoren er lite lovregulert. Dessutan er det når det gjeld kultur- og kunstinstitusjonar, ei forholdsvis klar ansvars- og funksjonsdeling mellom dei to nemnde nivå. Inndelinga i nasjonale institusjonar, knutepunktsinstitusjonar og regionale/landsdelsinstitusjonar, som vart innført midt på 1990-talet, gjer i det minste kulturområdet oversiktleg. Denne inndelinga gjer det òg enkelt å føre over moglege ansvar, makt og pengar frå det statlege nivået til regionnivået, slik stortingsmeldinga om oppgåvefordeling

mellom stat, fylke og kommune peikar på (St.meld. nr. 31 (2000-2001)). Det trengst få eller ingen lovendringar for å få dette til. Eit nytt regionnivå på kulturfeltet kan derfor tilførast ansvaret, også økonomisk, for ei rekkje av dei regionale kulturoppgåvene og –institusjonane som staten i dag har ansvaret for. Dette er eit hovudpoeng i den nemnde stortingsmeldinga, som ser omlegginga i samanheng med styrkinga av regionane sine utviklingsoppgåver. Det vi vil understreke her, er at ei slik mogleg overføring av makt og ansvar på kulturfeltet, lett vil la seg ordne ”reint teknisk”. Forslaga i den nye scenekunstutgreiinga ”*Etter alle kunstens regler*” endrar lite på dette, sjølv om utgreiinga går inn for ei programfinansiert ”statleggjering” av dei såkalla R/L-institusjonane på scenekustfeltet. Den seinaste stortingsmeldinga om oppgåvedeling (St.meld. nr. 19 (2001-2002)) nemner knapt kulturfeltet i det heile, men tek (varmt ?) til orde for at fylkeskommunen skal vere ein sentral aktør i såkalla ”regionale partnerskap”, og for at fylkeskommunens utviklarrolle skal fornyast og styrkjast.

Det er ei rekkje prosessar på gang no når det gjeld det framtidige regionale Noreg. Det knyter seg særleg mykje uvisse til fylkeskommunen som politisk og forvaltningsmessig nivå. Han kan – i ”verste” fall – forsvinne heilt. Vi *kan* gå mot ein modell der fylkeskommunen vert avvikla, og det vert innført ei forvaltningsorganisering basert på to nivå; stat og kommune. *Eller* vi kan mot ein modell med større regionale forvaltningseiningar enn i dag. At vi går i retning av eit aukande regionalt samarbeid mellom ulike fylke og fylkeskommunar er uomtvista. Det er i dag dessutan eit fellestrekk blant nesten alle politiske aktørar med meiningar om og ansvar for framtida for det regionale Noreg, at ein strekar under at det (moglege) nye regionnivået skal styrkjast og ha særskilt ansvar for det ein, kanskje noko upresist, kallar ”utviklingsoppgåver”. Kva for oppgåver mellomnivået i tillegg skal eller bør ha, er det større politisk usemje om. Den siste stortingsmeldinga frå Bondevik II-regjeringa er uklår på dette punktet. Meldinga tek m.a. til orde for meir forpliktande interfylkeskommunalt samarbeid, og ønskjer å stimulere til dette.

Det er denne utgreiinga sitt syn at det i dag er mange trekk både ved den generelle samfunnsutviklinga, ved den nye regionalismen og ved kulturområdet sjølv, som gjer at kulturfeltet kan medverke positivt til regionalt utviklingsarbeid. Kulturområdet er dessutan godt eigna for sterkare samarbeid mellom fylkeskommunane. Fleire slike tiltak er m.a. under utvikling på Vestlandet. Regional overtaking av og ansvar for mange av dei regionale kulturfunksjonane og –oppgåvene som i dag vert forvalta av staten, kan vere ein viktig del av eit utviklingsretta kultursamarbeid mellom fylkeskommunane på Vestlandet. Men dette vil, sett frå ”statsbyggjarane” si side, verte vurdert meir som ”eit trugsmål” enn som ”ein ressurs”. Det same vil spørsmålet, som truleg òg vil kome opp, om å lokalisere viktige sentrale kulturpolitiske funksjonar og einingar til dei nye regionane.

### *Opp til kulturlivet sjølv*

På mange måtar er det opp til kulturlivet sjølv, og til lokale og regionale kulturstyresmakter, å avgjere kva for rolle kulturområdet skal spele i regionalismeordskiftet og –utviklinga framover. Generelt har det tidlegare vore slik at kulturfeltet motstrevande har følgd med ”på lasset” når forvaltningsmessige reformer har vorte utgreidde og sette i verk. Store delar av *kulturlivet* – til og med langt ut i distrikta – har tradisjonelt hatt stor tru på ”danskekongen”, slik tidlegare ekspedisjonssjef Johs. Aanderaa brukte å uttrykkje det. I det norske *kunstlivet* er denne trua endå sterkare. Her er det ikkje berre skepsis til, men redsle for, at regionale og lokale styresmakter skal overta ein større av del av ansvaret for kunst- og kulturpolitikken.

Det er likevel ikkje kulturlivet eller kulturforvaltninga sjølv som vil styre utviklinga framover. Men ein kan vere med å *prege* utviklinga. Kultursektoren kan passivt vere med på den generelle ferda mot nye regiondanningar, eller ein kan medvite velje å vere i førkant ved alt no å setje i gang eigne og stimulere pågåande regionale prosessar på kulturfeltet. Denne utgreiinga tek til orde for det siste. Viss ikkje, trong ein inga utgreiing.

Vegen fram mot ”Kulturregion Vestlandet” kan likevel vere både lang og tornefull. Vi har alt sagt at statsbyggjarane, truleg òg kunstlivet, vil oppfatte det som ”eit trugsmål”. Dessutan er Vestlandet ingen homogen region. Eit motsetningsfylt forhold mellom sentrum og periferi, mellom utkant og storby, og mellom storbyane har – og vil – alltid prege kulturlivet. Det gjeld identitet og kulturoppfatningar så vel som innflytelse og lokalisering. Spørsmålet om ”kulturelt hegemoni” gjeld ikkje berre i forholdet mellom hovudstad og regionar, men også internt i regionane. Dessutan har ein tidlegare prøvd å etablere ei kulturpolitisk eining på Vestlandet. Utan å lykkast.

I september 1985 møttest nemleg fylkeskultursjefane og representantar for fylkeskulturutvala for dei fire vestlandsfylka i Bergen. Tema for møtet var styrking av kultursamarbeidet på Vestlandet. Det var Hordaland fylkeskommune som inviterte. Initiativet hadde kome ”frå nokre kulturbyråkratar”. På møtet var det semje ”om å prøve å få i stand eit meir formalisert kultursamarbeid over fylkesgrensene og at Vestlandet i framtida i sterkare grad kunne utgjere *ei kulturpolitisk eining med slagkraft* (vår utheving) når det gjeld vidare utvikling av norsk kulturpolitikk”. Administrativt var det alt etablert eit godt samarbeid; no var det ”viktig å få politikarane til å spele ei meir sentral rolle” (sakstilfang til Kulturutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, sak 51/1985).

Om det var politikarane som svikta, er uvisst. Det vart i alle fall ikkje noko vidare ut av dette initiativet. Mest truleg var ikkje tida moden for eit slikt ”formalisert kultursamarbeid over fylkesgrensene”. Viljen var nok til stades, men ein klarte ikkje å få i stand forpliktande avtalar mellom fylkeskommunane. I den nemnde saksframstillinga til Kulturutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert det peikt på at ein alt har gode røynsler frå nokre samarbeidsprosjekt, som Bokbåten,

Vestlandsutstillinga, arkitektkonkurransen "Vestnorsk byggeskikk" og samordning av tilskot til Vestlandske sommarsymfoni. Møtet i Bergen hadde konsentrert seg om å drøfte praktiske tiltak "som det ville vere naturleg å arbeide for skulle lokalisert til Vestlandet". Nytt norsk musikkteater er nemnt saman med eit regionalt ballettkompani, kortfilmsenter og medieteknisk kompetanse. Det same galdt etablering av ei "vestlandsk kulturmonstring i fellesskap" kopla med vestnorske kulturkonferansar.

## Nye regiondanningar

Initiativet i 1985 førte ikkje fram. Vestlandet vart inga "kulturpolitisk eining". No, meir enn 15 år seinare, er spørsmålet igjen på dagsorden. Men i dag gjeld samarbeidet over fylkesgrensene ikkje lenger berre kulturfeltet; ja, kulturfeltet er knapt nemnt. Ein snakkar heller ikkje så mykje om fylkesgrenser. Det sentrale omgrepet no er "region". Den nye "regionalismen" pregar ordskiftet. Hittil er det likevel staten, ikkje fylkeskommunane, som har stått for regionaliseringa. Regionen, ikkje fylket, er eininga i den nye regionaliserte staten. Staten har teke over dei tidlegare spesialisthelsetenestene, og delt landet inn i fem helseregionar. Senteret for Helseregion Vest, som omfattar Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, er lagt til Stavanger. Møre og Romsdal høyrer derimot saman med Trøndelagsfylka til Helseregion Midt-Norge med hovudkontor i Stjørdal. Statens Vegvesen har følgd etter, og delt landet inn i fem regionkontor. Region Vest omfattar dei same tre fylka. Regionkontoret for Vestlandet vart her, svært overraskande for mange, lagt til Leikanger. Debatten var hard og kjenslefull. Og sette ikkje minst samarbeidsklimaet mellom Bergen og "utkantfylket" Sogn og Fjordane på prøve. Igjen høyrer Møre og Romsdal til Region Midt-Norge, med regionkontoret lokalisert til Molde. Også andre statlege etatar har vorte omorganiserte og regionaliserte. Det gjeld m.a. Luftfartsverket, Kystdirektoratet og Aetat. Lokaliseringa av hovudkontoret for Region 4 i Luftfartsverket (Flesland eller Sola) var omstridd. Til slutt fall valet på Flesland. I tillegg til dei tre nemnde vestlandsfylka er også Agderfylka med i Region 4, Luftfartsverket Sørvest-Norge. Flyplassane i Møre og Romsdal høyrer under Luftfartsverket Midt-Norge med hovudkontor i Stjørdal. I den regionaliserte staten høyrer såleis Møre og Romsdal *ikkje* saman med dei tre andre vestlandsfylka. Elles vart det nasjonale hovudkontoret for det omorganiserte Kystdirektoratet i 2001 lagt til Ålesund. Det låg tidlegare i Oslo.

Det skjer altså store endringar med regionale konsekvensar. Men det er staten som fører an. Statens inndeling av landet i regionar er knytt til "funksjonalitet", ikkje til mogleg "regional identitet". Men fylkeskommunane tek til å skjønne at det så å seie brenn under føtene. Fylkeskommunane, slik vi kjenner dei frå 1976, er under sterkt press. No kjem dei på bana. Dei vil og må sjølve prege og setje *sine* premisser for utviklinga, ut frå dei rammevilkåra staten legg opp til. Og det hastar. Den sitjande regjeringa gjekk i vinter inn for miljø- og landbruksoppgåvene skal delast mellom kommunane og staten. Fylkeskommunane skal ikkje ha noko ansvar her, slik den førre regjeringa (og Stortinget) gjekk inn for. Kommunalministeren ville heller styrkje fylkeskommunen som "utviklingsaktør". Den nye

stortingsmelding nr. 19 ; *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, stadfester ”kommunesatsinga” når det gjeld miljøvern- og landbruksoppgåvene. Til gjengjeld skal fylkeskommunen styrkjast som utviklingsaktør ved m.a. større ansvar og myndigheit knytt til ulike distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel.

Over heile landet har det den siste tida blitt utført utgreiingar om nye former for regionalisering. Fylkeskommunane tek initiativet og engasjerer regionale forskingsinstitutt til å greie ut nye samarbeidsmodellar og konstellasjonar i ekspressfart. Fleire av desse utgreiingane har vore støtta av Kommunal- og regionaldepartementet. Ein snakkar om Vestlandsregionen, Sørlandsregionen, Trøndelagsregionen, region Østre Østlandet osv. Mest dreier det seg likevel om å få vurdert ulike modellar for samarbeid mellom eksisterande fylkeskommunar. Få av fylkeskommunane er enno budde på full integrasjon, nedlegging eller samanslåing. Dei vil helst gå vegen om avgrensa samarbeid. På Austlandet har likevel fylkesrådmennene i Østfold og Akershus innstilt overfor politikarane på at dei to fylka, som var to av fire fylkeskommunar i utgreiinga om Østre Østlandet, slår seg saman.

Den nye utgreiinga om Vestlandsregionen (Farsund m.fl. 2002) foreslår tre prinsipielle modellar for *samarbeid* mellom fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, og i tillegg tre prinsipielle modellar for *samanslåing* av dei to førstnemnde. Sogn og Fjordane fylkeskommune, der kanskje ”fylkesidentiteten” er sterkare enn i dei to andre fylka, ønskte ikkje å vere med i vurderingar av samanslåingsalternativ. Vestlandsutgreiinga opnar også for at ”andre fylker kan slutte seg til samarbeidet, evt. sammenslåing” (ibid:vi). Det er Møre og Romsdal ein her har i tankane.

Nokolunde tilsvarande utgreiingsarbeid har vorte gjort for fylkeskommunane Buskerud, Vestfold og Telemark, for Nord- og Sør-Trøndelag, for Akershus, Hedmark, Oppland og Østfold, og for Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark. Hovudtrendane i alle utgreiingane er *tettare samarbeid* mellom dei aktuelle fylkeskommunane og/eller etablering av *nye regionar* basert på samanslåing av to eller fleire fylkeskommunar. Det er samtidig ”en viss reservasjon mht. når og hvordan dette bør skje” (ibid:64).

### *Nyregionalisme*

Den nyvekta interessa for regionen som eining i politisk, økonomisk og kulturell forstand skuldast fleire forhold. Det heng saman med den generelle globaliseringa, og med konsentrasjon av marknadsmakt, befolkning, næringsliv og kompetanse i det nasjonale sentrum. Det er den nye regionalpolitikens oppgåve å motverke ein slik utviklingsspiral gjennom ”reorganisering og regionalisering av nasjonalstaten”, skriv Noralv Veggeland (2001:11). Han har god kunnskap om og er tydeleg inspirert av ”den nye regionalismen”, som sidan 1980-åra har utvikla seg i Europa. Denne byggjer, hevdar Veggeland (jf. vedlegg) på tankegods ”som inneholder

- 1) den historisk-økonomiske påstand om at ”regionen” er blitt ”smeltedigelen” som staters politiske, økonomiske og kulturelle utvikling hviler på, og videre
- 2) den normative bias at ”regionen” bør settes i sentrum for en demokratisk og bærekraftig politikk”

I europeisk politikk opptrer regionbygging som eit institusjonelt byggjeprojekt internt i nasjonalstatane, eller som eit prosjekt mellom statar; dvs. transnasjonal og grenseoverskridande regionalisering. I den nye regionalismen er ”regionale partnerskap” det organisasjonsprinsippet som fremjar både tradisjonelt sosio-kulturelt særpreg og fornya lokal identitet. Men for å lykkast er regionen avhengig av at det vert inngått avtalar og forpliktande kontraktar med staten. Det er langt frå sikkert at staten er klar for dette i dag.

Den norske politiske debatten om regionalisme og regionalisering har vore ei blanding av eit *offensivt* fokus med vekt på nye regionars strategiske mulegheiter og eit *defensivt* fokus, der vekta i stor grad har vore på å verne om dei etablerte fylkeskommunale einingane, og om regionale statlege einingar som er lokaliserte i eins eige fylke. Det er likevel ikkje tvil om at det er ein sterk regionaliseringsprosess i gang, og at denne etter kvart også har si eiga sjølvforsterkande kraft. Ein liknande prosess er under utvikling på kommunenivået. Også her vert det utført utgreiingar. Dei regionale utgreiingsinstitutta har gode tider. Ein treng ikkje vere særleg til vismann for å spå at det fylkeskommunale og kommunale Noregskartet om 5-10 år vil sjå vesentleg annleis ut enn i dag.

Den føreliggjande ”Vestlandsutredningen” er, slik også tittelen vitnar om, eit forsiktig og forholdsvis ”formelt” dokument. Det gjeld også oppstillinga av dei ulike framtidige modellane. I beste fall er det tale om nøkterne visjonar. Utgreiarane har halde seg til mandatet. Veggelands utgreiing (forstudie) om regionen Østre Østlandet er friare, meir offensiv og konkluderande, og knytt opp mot fem tesar om det han kallar ”den nye regionalismen”. Vestlandsutgreiinga skildrar ”regionaliseringa” som fenomen, mens vurderingar og modellar i rapporten er lite relatert til ”fenomenet”.

Når det gjeld utfordringar og mulegheiter framover for vestlandsfylka, er utgreiinga oppteken av befolknings- og busetnadsutvikling, og utvikling av materielle faktorar som næringsliv, sysselsetjing og infrastruktur. Infrastruktur dreier seg utelukkande om framtidig utbygging av kommunikasjonar, mens dei strategiske næringane, ikkje særleg uventa, er energiproduksjon, havbruk og fiske, maritim industri, kunnskapsrelaterte næringar og utkantnæringar som landbruk og reiseliv. Det veksande behovet for arbeidskraft innanfor helse- og omsorgssektoren vert òg streka under. Utfordringane er i hovudsak dei same for alle tre fylka, hevdar utgreiarane, og mange av dei er felles med Møre og Romsdal. Spørsmål om regional og kulturell identitet, regionalt medvit, vestlandskulturen/-ane osv. er ikkje berørte anna enn heilt skissemessig i innleiingskapitlet. Heller

ikkje spørsmål om Vestlands-regionen som ein mogleg profilert region i forhold til nasjonalstaten, som eit sjølvstendig alternativ til den kraftige hovudstadsdominansen, eller som ein mogleg aktør i europeisk samanheng, er tekne opp. Utgreinga er for det meste konsentrert kring ulike sider ved ein *funksjonell* region, mens spørsmål knytt til *identitetsregionen* ikkje er tema.

## Identitetsregion Vestlandet?

Som ein kunne vente ut frå utgangspunktet, legg Veggeland i si utgreiing om Østre Østlandet (Hedmark, Oppland, Akershus, Østfold) noko meir vekt på spørsmål som har med identitet og kultur å gjere. Veggeland hevdar at det har "sin grunn" at stortingsmeldinga om oppgåvefordelinga mellom kommune, stat og fylke (St.meld. nr 31, 2000-2001) heller ikkje trekkjer spesifikt fram "det kulturelle aspektet ved en framtidig fylkesinndeling" (s. 18). Kultur- og identitetskriteriet spelar "en mindre rolle" i den nye (norske) regionaliseringa. Folks identitet er primært knytt til kommune eller ei anna lokalt avgrensa eining; ikkje til storregionar. Særleg er dette tilfelle i dei nordiske landa. Lokal og regional kultur og identitet vert likevel gjerne framført som argument for regionalisering, og brukt for å marknadsføre regionen. Veggeland viser òg til at det er låg valdeltaking ved fylkestingsval, og at avisene normalt er riksdekkjande eller lokale, og berre unntaksvis fylkesdekkjande.

Dei fire austlandsfylka som er tema for hans utgreiing, er likevel alle del av ein felles, om enn samansett, austnorsk kultur. Men Veggeland peikar på konflikter mellom by- og bygdekulturane i regionen, og, kanskje viktigare, mellom dei sentrumsnære sørlege områda og dei geografiske utkantområda. "Her ytrer det seg konflikter langs en sentrum-periferi akse, som ikkje bare er knyttet til Østlandet, men som har nasjonal karakter", konstaterer han (s. 35). Ei samanslåing av dei fire fylka vil medføre at denne kulturelle polariseringa vert sterkare (s. 57). Men Veggeland peikar òg på at det kan liggje *ein styrke* på kulturområdet. St.meld. nr 31 (2000-2001) om oppgåvefordelinga mellom kommune, fylke og stat tek til orde for å overføre større delar av det regionale kulturarbeidet til (det nye) regionnivået. "Dette er et viktig felt for de fire kulturfylkene, for identitetsdannelse, for vern og for utvikling av kulturisme og arrangement.... Men ut fra identitet og kultur, og mer effektiv satsing, styrker denne oppgaven argumentet for to regioner; Hedmark/Oppland og Akershus/Østfold" (s. 60). I Veggelands analyse er regionalt ansvar for større delar av regionalt kulturarbeid sett på som ei "nøytral" ny oppgåve, mens t.d. nye oppgåver innan miljøvern, landbruk og riksveggar er sett på som ei "positiv" ny oppgåve (s. 31). Men, som nemnt ovanfor, miljøvern og landbruk skal no *ikkje* verte noka oppgåve for fylkeskommunen.

Den nye vestlandsutgreiinga legg altså lite vekt på kulturelle *føresetnader* for og moglege kulturelle *konsekvensar* av ein tettare integrert Vestlands-region. Eit anna "grunnlagsarbeid" gir derimot betydeleg plass også for slike perspektiv. Det er utgreiinga "Framtid for Vestlandet? Scenario for Vestlandet 2000-2020" (Amdam m.fl. 2000), utført for Kommunal- og arbeidsdepartementet i samband med den

siste stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken. I denne utgreiinga var Vestlandet definert som *fire* vestlandsfylke.

Vestlandet som *identitetsregion* vart bygd opp då sjøen var viktigaste kommunikasjon, hevdar forfattarane. Om lag same næringsvegar, sams historie, økonomiske tilpassingsmåtar og ein egalitær samfunnsstruktur har òg bygd opp under ein felles "vestlandsidentitet", som overbygning over regionale identitetar klart markert med dialektar m.m. (s. 40-41). Dei sterke folkelege motkulturane og motkulturelle rørsleane på Vestlandet vert òg trekte fram med tilvising til Rokkan. Men desse rørsleane er i dag på sterkt vikande front. Ei rad fråhaldslag, mållag og misjonsforeiningar er blitt borte sidan 1988, og tilveksten har vore skral, konstaterer professor Per Selle, landets fremste ekspert på utviklinga av frivillige organisasjonar (Bergens Tidende 4.11.2000). Det same gjeld for øvrig også ungdomslaga. Og det er sterkt sviktande medlemsoppslutning blant dei laga som held det gåande. "Dersom denne utviklinga held fram, vil motkulturane, som har vore eit særkjenne ved kulturlivet på Vestlandet, verta tilnærma usynlege i det lokale lagslivet i løpet av få år", slår Selle fast.

Dei nemnde organisasjonane og rørsleane har lenge prega "verdiane" i bygdene på Vestlandet. Men det har til dels vore sterke motsetnader og kulturelle skilje mellom riksmålsbrukande bysamfunn og nynorskbrukande omland. I dag er etter alt å døme desse motsetnadene betydeleg mindre, sjølv om dei enno finst. Dei rurale vestlandsverdiane er svekka. I følgje Amdam m.fl. budde i 1998 63 pst. av dei vel 1,1 mill. innbyggjarane på Vestlandet i storbyregionane Bergen og Stavanger/Sandnes, og nesten 70 pst. i regionar med over 50.000 innbyggjarar.

Amdam trekkjer nordgrensa for Vestlandet i dag i Romsdalsfjorden. Han legg då vekt på språk, historie og næringsutvikling. I sør er det òg avgrensingsproblem identitetsmessig. Haugesundsregionen er klart "Vestland", medan Stavanger/Sandnes og Jæren er meir "labilt". Vurdert ut frå dei "mentale skiljelinjene" og næringsutviklingstradisjon kan ein argumentere for at også Agderfylka er "Vestland".

I dei tre scenaria som Amdam-utgreiinga presenterer om Vestlandsregionen år 2020, vert det lagt (betydeleg) vekt på kulturelle og identitetsmessige skilje både internt og mellom dei ulike delane av Vestlandet, utvikling av "delidentitetar", og ulik grad av polarisering mellom desse. I eitt av dei tre scenaria vert det t.d. peikt på at det i 2020 er utvikla ein samla vestlandsidentitet utetter i kampen mot "Oslo", som er sjølv "hovudfienden". I eit anna scenario er det fjordbygdene som har utvikla sterk polarisering mot både Oslo og Bergen.

## **Vestlandsidentiteten i dag**

Den tradisjonelle "vestlandsidentiteten" med vekt på dei motkulturane vi nemnde ovanfor, er svekt. Samtidig er det òg slik at den til dels skarpe polariseringa og dei kulturelle skilja mellom bygd og by, periferi og sentrum som ein har hatt på Vestlandet (Stavanger, Bergen, Ålesund), spelar mindre rolle i dag. Det er likevel



enno relativt klare språklege (og språkleg-kulturelle) skilje mellom bygd og by på Vestlandet.

Vi kan her også peike på at alle dei fire vestlandsfylka formelt definerte av staten som nynorskfylke; dvs. at fleirtalet av kommunane i dei fire fylka er nynorskkommunar. Både Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar har nynorsk som offisielt språk, medan Rogaland er språkøytralt. Språkutviklinga dei seinare åra har gått i retning av ei *regionalisering* av nynorsken. Han har styrkt si stilling på Vestlandet, med unntak for omlandet kring dei store byane. På bygdene er derimot stadig meir av den lokale språkbruken nynorsk. Nynorsk er bortimot einerådande også i det lokale næringslivet på Vestlandet utanom storbyområda. Nynorsk i ferd med å verte eit vestlandsspråk, medan han er under til dels sterkt press som nasjonalmål. Moderniseringa av offentleg sektor, sentralisering og – sist – den regionaliserte staten aukar presset mot nynorsken. Den nynorske språkidentiteten er styrkt på Vestlandet, men svekka i resten av landet.

Mest truleg er det slik at innbyggjarane i Sogn og Fjordane og Hordaland opplever seg som ”*vestlendingar*”. Dette gjeld også på Sunnmøre og i Rogaland – i alle fall nord for Boknafjorden. Nordmøringar har meir til felles med trønderar, medan Romsdal er i grenselandet mellom aust, vest og Trøndelag. Frå Jæren og sørover er banda tette mot Agder. Samanlikna med dei fire fylka som Veggeland har sett nærmare på, er det likevel ikkje særleg tvil om at dei fire vestlandsfylka har meir til felles både kulturelt og historisk. Men også hos ”oss” finst det konflikthar mellom by- og bygdekulturar; særleg gjeld dette mellom omlanda og byane Stavanger, Bergen og Ålesund. Det er motsetningar av kulturell, språkleg og klassemessig/sosial art.

I samband med den siste vestlandsutgreiinga oppstod det ein diskusjon i Møre og Romsdal, særleg på Sunnmøre, om korleis ein kulturelt og identitetsmessig kan plassere dei ulike delane av dette fylket. Det kom her tydeleg fram at den sunnmørske ”mentaliteten” er knytt sørover. Tradisjon, folkelyne, kultur, næringsstruktur og handel er alle faktorar som peikar i denne retninga. Ei meiningsmåling på Sunnmøre (Sunnmørsposten 12.1.02) viste òg at sju av ti sunnmøringar heller vil gå saman med vestlendingane enn trønderane, dersom Møre og Romsdal skal slåast saman med andre fylke. Det same seier ordførarane i sunnmørskommunane. Det vert derimot hevda at ei klar overvekt av nordmøringane vil orientere seg nordover, medan det, som ofte elles, er uvisst kva romsdalingane vil gjere (historikar Arnljot Løseth til Sunnmørsposten 8.1.02). Identitetsmessig er såleis dette fylket telt i tre.

Møre og Romsdal fylkeskommune er no invitert til å kome med fråsegn om Vestlandsutgreiinga fordi dei andre tre fylkeskommunane m.a. vil ha ”deira vurdering av den vidare utviklinga av Vestlands-regionen og eventuell deltaking i den vidare prosessen”. I følgje Sunnmørsposten (24.1.02) var det Sogn og Fjordane som aktivt ville invitere Møre og Romsdal med i den vidare prosessen,

medan Hordaland, og særleg Rogaland, var meir reserveerte til dette. Så sjølv om sunnmøringen har meir til felles med jærbuen enn med nordmøringen (Løseth i SP 8.1.02), så er det, når det kjem til stykket, langt frå Rogaland til Møre. Sogn og Fjordane, som tok på seg meklarrolla her, kan verte eit *nøkkelfylke* når det gjeld å knyte saman dei sørlege og nordlege delane av Vestlandet. Men ”det er på tide at folk i Møre og Romsdal vaknar og startar arbeidet med å orientere seg sørover”, seier Jørgen Amdam, forskaren bak scenarioprojektet om Vestlandet (Sunnmørsposten 11.1.02).

### *Styrkt vestlandsidentitet?*

Det finst truleg ei form for ”vestlandsidentitet” som strekkjer seg frå Sunnmøre i nord og sørover til Jæren. Han er likevel ikkje særleg eksplisitt uttrykt, og vert heller ikkje boren oppe av noko form for samlande organ. I dei fire vestlandsfylka finst det knapt fylkesaviser, kanskje med eit (visst) unntak for Bergens Tidende. I dei fleste kommunane i dei fire fylka er det lokalavisene som har høgast dekningsprosent, deretter følgjer ei av osloavisene. Identiteten er hjå oss, som på Austlandet, mest knytt til lokalsamfunn. Postmoderniteten har ikkje rokka så mykje ved dette.

Men det går an å mobilisere kring Vestlandet – også i dag. Særleg når det gjeld å markere seg i forhold til hovudstaden. Vi opplever oss kanskje i størst grad som vestlendingar, og også som utkant, når vi definerer oss sjølve i forhold til Oslo og hovudstadsområdet. Dette gjeld på mange felt. Ikkje minst på kultur- og, særleg, kunstfeltet. Denne kjensla, med klare element av polarisering, har vorte styrkt dei seinare åra i tråd med den raske veksten i hovudstadsregionen, og ved at Oslo i aukande grad og på ulike måtar har hevda sitt kulturelle hegemoni, godt hjulpet av dei moderne oslobaserte media. Den sentrale norske meinings- og ideologiproduksjonen er like sterkt oslobasert i dag som han var på 1950-talet, sjølv om dannelsings- og opplysningsaspektet er borte. Frå kulturlivet i vest vert det òg ofte peikt på at altfor store delar av løyvingane til kunst- og kulturlivet går til det sentrale Oslo-området, ikkje minst midlar til kunstnarar. Her gløymer ein gjerne at dette må sjåast i forhold til kvar helst norske kunstnarar av i dag faktisk bur og arbeider.

Vi nemnde innleiingsvis dei åtte tesane til Veggeland, og påpeikinga av hovudstadens veksande kulturelle hegemoni som ei negativ ”følgevirkning” for (m.a.) det kulturelle mangfaldet. Denne negative ”følgevirkninga” vert opplevd sterkare og kanskje meir unisont på Vestlandet enn truleg andre stader i landet, og sterkare i dag enn for nokre sidan. Det har kome til uttrykk ved fleire høve den seinare tida. Eit døme er hovudstadsmiljøets haldning til Kulturby Bergen 2000, der både hovudstadspressa, kunstmiljøa og dei sentrale kulturstyresmaktene var svært negativt innstilte. ”Pinlig” er uttrykket professor Jostein Gripsrud brukte i si kulturpolitiske vurdering av KB 2000 (Bergens Tidende 4.12.2001). Med det sikta han til ”den slående mangelen på perspektiver og handlingsvilje hos sentrale myndigheter”.

Utviklinga dei seinare åra i retning av det enkelte kallar ein "postmoderne" kulturtilstand med global homogenisering og lokal heterogenisering, tiltakande individualisering, meir flytande identitetar osv. (jf. Mangset 2001) har truleg hatt lite å seie for ein mogleg vestlandsidentitet, men har vore eit av mange bidrag til svekking av dei vestlandske motkulturane. Men denne svekkinga starta alt på 1960 og 1970-talet. I det postmoderne kultursamfunnet er det også mindre polarisering mellom by- og bygdekulturar internt på Vestlandet. Dette talar for at ein i dag i sterkare grad enn tidlegare kan snakke om ein felles vestlandsidentitet.

## **Fylkeskommunen i kulturpolitikken**

Det reiste seg ei regionalismebølgje over store delar av verda i 1970-åra, skriv Fossåskaret (2000a:29). Det folkelege vart norma, og periferien og utkantane stod ei kort tid i sentrum. Dagens regionalisme er ein heilt annan karakter. To straumar som synest å trekkje i motsett retning, globalisering og regionalisering, hentar kraft frå den same kjelda. Mykje av tankegodset og inspirasjonen er, paradoksalt nok kanskje, henta frå EU og Brussel. Den politiske strategitenkinga kring den regionale strukturpolitikken i EU har medverka sterkt til å utløyse debatten om framtida for det regionale demokratiet (Veggeland 2002, sjå vedlegg). Den norske varianten av denne debatten har då naturleg kome til å dreie seg om fylkeskommunen skal avviklast og oppgåvene fordelast mellom stat og kommune, eller om fylkeskommunen skal bestå og styrkjast som utviklingsaktør, ved fylkessamanslåingar og ved å givast større kontroll med og overtaking av noverande statlege verkemiddel. Dagens regionalismedebatt er ein offentleg strukturdebatt om politikk, makt, økonomi og (aldri så lite) kultur. Det folkelege engasjementet er beskjedent, i alle fall samanlikna med 1970-åra. Aktørane i ordsiftet er politikarar og byråkratar, forskarar og utgreiarar.

Regionalismebølgja på 1970-talet fall saman, ikkje heilt tilfeldig, med ei nyorientering i den nasjonale kulturpolitikken. Det galdt det meste av Vest-Europa. "Ny kulturpolitikk" med vekt på demokratisering og desentralisering, utvida kulturomgrep, og oppbygging av kultursektoren som eit politisk ansvarsområde i kommunar og fylkeskommunar vart resepten i Noreg. Dette fall igjen saman med utviklinga av den nye folkevalde fylkeskommunen frå 1976. Dei fleste av desse etablerte i løpet av kort tid fylkeskommunale kulturforvaltningar og folkevalde hovudutval for kultur. I alle dei fire vestlandsfylka var dette på plass før 1980.

"Noko av det som har lykkast best i norsk kulturpolitikk, er oppbygginga av det regionale forvaltningsnivået – enda det også er store skilnader fylkeskommunane i mellom". Det var arkitekten bak den nye norske kulturpolitikken, ekspedisjonssjef Johs. Aanderaa, som konstaterte dette i foredrag seint i mai 1990. "Det skjer så mykje på kulturområdet rundt omkring i landet, ikkje minst i ein del av fylkeskommunane, at vi har eit svare strev med å følgje med", heitte det vidare i foredraget (Aanderaa 1994).

Som vi nemnde innleiingsvis er kultur langt frå den viktigaste oppgåva til fylkeskommunane, i alle fall viss ein måler dette i kroner og øre. I år 2000 brukte dei 19 fylkeskommunane kr 686 mill. kroner til kulturformål (netto driftsutgifter). Kommunane sine samla netto driftsutgifter var vel 4,7 mrd. kroner, og utgifter over Kulturdepartementets budsjett vel 3,5 mrd. kroner (SSB 2002). Fylkeskommunens andel av samla offentlege kulturutgifter var då 7,7 pst. Den statlege andelen har vokse utover 1990-talet, særleg siste halvpart. Største utgiftspostane for fylkeskommunane var ”Kunst og kunst- og kulturformidling” (26 pst.) og ”Kulturvern/museum” (25 pst.). Fylkeskommunens *brutto* driftsutgifter til kultur var i 2000 1.356 mill. kroner, eller om lag det dobbelte av netto driftsutgifter.

Av fylkeskommunane sine samla driftsutgifter har kulturfeltet rundt ein prosent – før den statlege overtaking av spesialisthelsetenesta. Men det er, og har lenge, vore store skilnader mellom fylkeskommunane når det gjeld kulturutgifter per innbyggjar. Fylkeskommunane frå Nord-Trøndelag og nordover og Sogn og Fjordane har vore i toppen, Agder-fylka og innlandsfylka på Austlandet i botnen. Hordaland har lege rundt gjennomsnittet, Møre og Romsdal og Rogaland noko under.

Det kan vere mange årsaker til dei store skilnadene. Når dei mest utprega distriktsfylka har prioritert kultur høgast, kan dette ha å gjere med at her har *behovet* rett og slett vore størst. Her finst det lite privat og kommersielt kulturtilbod, det er store avstandar, og fylkeskommunen har teke på seg ei aktiv pådrivar- og samordningsrolle overfor kommunane. Offentleg kultursatsing i fylkeskommunal regi har hatt høg politisk legitimitet. I andre fylke, bl.a. fylke med storbyar, som Rogaland, Hordaland og Sør-Trøndelag, har behovet for fylkeskommunen som kulturentreprenør vore mindre. Personlege eigenskapar ved fylkeskultursjefane har òg blitt tillagt ei viss rolle som forklaringsfaktor for forskjellar mellom fylkeskommunane.

### *”Glanstida” for fylkeskulturkommunen*

Fylkeskommunens ”glanstid” i den norske kulturpolitikken var tiåret frå ca. 1985. Aanderaas vurderingar ovanfor frå 1990 er såleis ”tidstypiske”. Fleire faktorar låg til grunn for dette, utan at vi her kan gå i detalj. Men det hadde m.a. å gjere med at den statlege kulturpolitikken utover på 1980-talet vart meir oppteken av mediefeltet, og mindre engasjert i regional og lokal kulturpolitikk. Dei fleste fylkeskommunane hadde òg bygd opp eigne og godt fungerande kulturforvaltningar, og la aukande vekt på å framstå som sjølvstendige aktørar; ikkje berre vere iverksetjarar av statleg politikk. Det var òg nokre av fylkeskommunane som greip fatt i og henta inspirasjon frå ulike europeiske utgreiingar og undersøkingar kring kulturens næringsmessige, økonomiske og regionale betydning, og gjennom dette sette den såkalla ”instrumentelle kulturpolitikken” på den nasjonale dagsorden. Eit av utslaga dette gav seg, var eit større forskingsprogram om nettopp ”Kultur og regional utvikling” (KRU-programmet), der fem fylkeskommunar, m.a. Sogn og Fjordane, deltok. På statleg

nivå var det Kommunal-, ikkje Kulturdepartementet, som viste mest interesse for og var mest aktiv i dette programmet. I dag kan det elles vere verd å registrere at ein i programmet overhovudet ikkje var opptekne av spørsmåla kring kultur og nye former for regiondanningar, regionalt partnerskap, regional identitet og i kva grad dette kunne "omformast" til utviklingsfaktorar og konkurransefortrinn. Og sidan programmet vart avslutta i 1993/94, var ein heller ikkje opptekne av samspelet mellom regionalisering og globalisering (sjå oppsummering av programmet i Arnestad 1995). Det same galdt i eit felles nordisk prosjekt om same temaet (jf. Duelund 1992, 1993). Ordet "globalisering" var forresten enno knapt teke i bruk i første halvdel av 1990-talet. Kultur og regional utvikling betyr noko vesentleg anna i dag enn for ti år sidan.

Derimot fekk KRU-programmet ein "storbyavleggjar" i prosjektet "Kulturfeltet i storbyene" finansiert av Program for storbyretta forskning. Gjennom eit forprosjekt (Arnestad 1993) og ein hovudrapport (Osland 1995) vart m.a. hovudstaden si dominerande rolle som kulturby i økonomisk og næringsmessig forstand godt dokumentert, samtidig som det vart lagt fram ei rad med, skulle ein tru, nyttige struktur- og åtferdsdata om kulturlivet i dei fire norske storbyane. Her inngjekk både Bergen og Stavanger (og Trondheim). Men det vart med dette prosjektet. Og rundt midten av 1990-talet minka interessa for kulturens næringsmessige verknader. Heller ikkje i dette storbyprosjektet var spørsmåla kring nye regiondanningar, identitet, regionalt medvit, internasjonal markering eller kultur som merkevarebyggjar osv. teke opp.

I ettertid kan ein konstatere at fylkeskommunane tidleg på 1990-talet kanskje forsømde ein sjanse til å ta på seg ei utvida regional utviklingsrolle på kulturfeltet. Men på dette tidspunktet hadde den europeiske "EU-inspirerte" regionalismetenkinga enno ikkje fått skikkeleg fotfeste her i nord. Og spørsmålet om nye regionale einingar i Noreg var heller ikkje på dagsorden.

Utover frå midten av 1990-åra gjekk så krafta på ein måte ut av den fylkeskommunale kulturpolitikken. Stortingsmeldinga "Kultur i tiden" frå 1992 og stortingsbehandlinga av denne slo fast korleis ansvars- og funksjonsdelinga i kunst- og kulturlivet skulle vere, sjølv om det i ettertid har kome til stadig fleire nye institusjonar, særleg knutepunktsinstitusjonar. Viktigare var det at fylkeskommunane sjølve midt på 1990-talet tok fatt på ein omfattande omorganiseringsprosess, noko som m.a. førte til at den sjølvstendige fylkeskultursjefen vart "borte" i mange fylkeskommunar, og at kultursakene hamna i politiske hovudutval saman med helse, utdanning eller næring. Hovudårsaka til den reduserte merksemda kring det regionale (og lokale) har likevel vore dei generelle "tendensane i tida"; urbanisering, den sterke veksten i hovudstadsområdet, postmodernismens kunst- og kulturuttrykk, auka vekt på kvalitet og kuratorverksemd i kunsten, kortare avstand mellom kunst, reklame, media og kulturindustrien. Regionane, dei regionale kunstinstitusjonane og distriktskunstnarane har kome meir i miskreditt i hovudstadsmiljøa enn før (jf. m.a. Mangset 1998, Solhjell 1995). Sentrum, dvs. Oslo-området, sitt kulturelle og

kunstnarlege hegemoni har sterkt festna det meiningsdannande grepet i og på kulturlivet frå midten av 1990-åra og fram til i dag. Freistnader på å utvikle alternative diskursar har ikkje lykkast. Så ligg då også så godt som alle nasjonale forvaltningsorgan på kultur- og kunstfeltet godt plassert midt i Oslo, eller for å bruke orda til Aaslaug Vaa, mangeårig fylkeskultursjef i Nordland: ”Og sist, men ikke minst, de som evaluerer den virksomheten som iverksettes ved hjelp av offentlige ressurser, befinner seg i den samme virkeligheten, Kulturdepartementets trofaste byråkrater tilhører også dette såkalte urbane Oslo” (Vaa 2000). Så godt som heile den statlege kunst- og kulturforvaltninga ligg i hovudstaden. Spede forsøk på å få til endringar, har så langt ikkje ført fram.

## **Kunst- og kulturlivets redsle for endringar**

Omorganiseringar av kulturforvaltninga og endringar av styringsordningane for kultur- og kunstinstitusjonar har som oftast skapt uro og bekymringar i kulturlivet. Det kan vere éin av grunnane til at det sidan 1970-talet har vore svært stabile strukturar innan det Svein Bjørkås kallar ”det norske (statlege) kunstkonsernet” (Bjørkås 1998). Og sidan det er staten, dvs. Kulturdepartementet, som sit med pengane, er det også staten som avgjer. Regionale initiativ for å få til endringar, m.a. på scenekunstfeltet (jf. Arnestad m.fl. 1995), har sjeldan ført fram.

Strukturen i den lokale og regionale kulturpolitikken, slik han framleis er, vart fastlagt gjennom særskilde kulturpolitiske dokument, dvs. dei to kulturmeldingane på 1970-talet (som forresten måtte trykkjast i opplag på over 30.000 eksemplar; kva er dagens opplag for stortingsmeldingar, kan ein undre seg).

Endringar i dei kulturpolitiske rammevilkåra på lokalt og regionalt nivå har frå byrjinga av 1980-åra og framover ikkje vore resultat av kulturpolitiske avgjerder, men ein verknad av generelle, statlege initierte reformer i lokal- og regionalforvaltninga. Ofte akkompagnert av sterke protestar frå kulturlivet. Det starta på slutten av 1970-åra med ”Hovedkomitéen for reformer i lokalforvaltningen”, som m.a. resulterte i eit nytt system for overføring av statlege pengar til kommunar og fylkeskommunar. Det nye inntektssystemet, som vart sett i verk frå 1986, avvikla fleire ordningar med øyremerka løyvingar til det kommunale og fylkeskommunale kulturlivet; etter 10 år var det ikkje lenger behov for denne type ”oppfostringstoll”. Særlege konsekvensar fekk dette likevel ikkje for kommunale og fylkeskommunale løyvingar til kultur; dei heldt fram med å vekse (Olsen 1988, Arnestad 1994). Frå slutten av 1980-talet starta så forsøka med å prøve ut nye modellar for politisk og administrativ organisering i både i kommunar og fylkeskommunar; dei såkalla frikommuneforsøka. Utover på 1990-talet følgde deretter ei omfattande omorganiseringsreform i den kommunale og fylkeskommunale forvaltninga. Frå 1994 til 1998 gjekk t.d. andelen reine kulturutval i kommunane i Noreg ned frå 77 pst. til 19 pst. (Myhrvold 1998). Dei fleste fylkeskommunane har òg avvikla dei reine kulturutvala og den ”reine” fylkeskultursjefstillinga. Det gjeld både Hordaland og Rogaland, medan Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har halde på den ”gamle” ordninga. Utviklinga har medført uro og protestar, særleg i den kommunale kultursektoren. Ei undersøking

frå 1998 (Myhrvold 1998) viste også at kommunar *utan* eigen kulturadministrasjon prioriterte kulturformål systematisk lågare på budsjetta enn det kommunar *med* kulturadministrasjon gjorde. Vi har ikkje tilsvarande undersøkingar frå fylkeskommunane.

Dei (fylkes)kommunale kulturarbeidarane har derimot i liten grad gjort si røyst mykje gjeldande i den pågåande diskusjonen om moglege samanslåingar av fylkeskommunar og kommunar. Heller ikkje taleføre grupper, som t.d. ulike kunst- og kunstnarorganisasjonar, har vore å høyre. Mest har dette å gjere med at kultur korkje har vore tema i regionaliseringsdebatten eller når det gjeld kommunesamanslåingar.

Men generelt er det innan organisasjonar og institusjonar i kunst- og kulturlivet stor tru på og høg tillit til staten som kulturpolitisk aktør, og tilsvarande skepsis til det regionale/lokale nivået. Dette gir seg uttrykk i følgjande:

- ønske om øyremerka statlege kulturløyvingar til kommunane
- ønske om ei kulturlov, som m.a. skal plikte kommunane
- krav om at kulturinstitusjonar skal ha *direkte* statlege løyvingar
- kunstnarpolitikk skal vere eit reint statleg ansvar

Kunstnarorganisasjonane har gjerne mobilisert når det har vore snakk om la regionane ta over ansvaret for regionale kunstinstitusjonar, og eventuelt å desentralisere eller regionalisere andre verkemiddel i kunst-/kunstnarpolitikken, som t.d. dei statlege kunstnarstipenda. I norske kunstnarmiljø er det altså stor skepsis til desentralisering.

Ei mogleg regionalisering av makt, ansvar og økonomiske verkemiddel på kultursektoren vil derfor etter alt å døme ikkje berre verte møtt med motstand frå nasjonale kulturstyresmakter, men også frå personar, organisasjonar og institusjonar i kunst- og kulturlivet. Vi kan òg konstatere at endringar i forvaltninga av det norske "kunst-/kulturkonsernet" nok ein gong synest å skje som følgje av ei allmenn kommunalpolitisk forvaltningsreform, ikkje som del av ein spesifikk kulturpolitikk.

## **Den nye regionens (moglege) kulturoppgåver**

Mykje er uvisst når det gjeld det nye regionnivået. Det mest *handfaste* vi har å halde oss til når det gjeld kulturområdet, er innstillinga frå Oppgåvefordelingsutvalet, som blei lagt fram 3. juli 2000, og den etterfølgjande stortingsmelding nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling*, som passerte statsråd 30. mars 2001. Stortinget har også behandla denne meldinga (Innst. S. nr. 307 (2000-2001)). Eit fleirtal gav si tilslutning til regjeringa sitt forslag om at vi framleis skal ha tre forvaltningsnivå i landet.

Den nyaste stortingsmeldinga om oppgåvefordeling (St.meld. nr. 19, 2002-2002) tek til orde for ei seks års prøveordning med såkalla ”enhetsfylke”. Slik sett er fylkeskommunen fredda i seks år framover. Denne meldinga strekar elles under den regionale utviklarrolla til fylkeskommunen, regionale partnerskap og samarbeid mellom fylkeskommunar, men nemner ikkje kulturfeltet spesielt. Også den siste stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken (St.meld. nr. 34 (2000-2001)) la opp til å styrkje dei regionale utviklingsoppgåvene til fylkeskommunen. Under stortingsbehandlinga av denne meldinga (Innst. S. nr. 318 (2000-2001)) slutta eit fleirtal seg til dette. Fleirtalet la òg vekt på at dei oppgåvene som vart lagde til fylkeskommunen, må følgjast opp med økonomiske verkemiddel.

Det synest å vere semje om at, dersom vi framleis skal ha tre forvaltningsnivå, så skal det ein kallar den regionale utviklingsrolla til fylkeskommunen styrkjast. Formålet er, heiter det i St.meld. nr. 31, å leggje regionale utviklingsoppgåver under direkte folkevalt styring, og på denne måten skape ”et forvaltningsnivå med et tydelig og samlet ansvar for regionens utvikling” (s. 9). Kor mange einingar dette mellomnivået kjem til å omfatte, er det ingen som veit. At det vert færre enn i dag, trur likevel dei fleste. Stortingsmeldingane seier òg at regjeringane vil stimulere til frivillige fylkessamanslåingar. Spørsmålet om betre oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa er i stortingsmeldingane òg knytt til behovet for fornying av offentleg sektor.

Konkret oppgåvefordeling på kultursektoren er ikkje tema i den nyaste stortingsmeldinga om oppgåvefordeling. I den førre meldinga (St.meld. nr 31, 2000-2001) vert det derimot innleiingsvis slått fast at det er eit mål ”å øke den lokale og regionale innflytelsen over institusjoner og økonomiske virkemidler i sektoren” (s. 10). Dette vert (s. 54) konkret knytt til det Oppgåvefordelingsutvalet sa om at regionane må få eit større ansvar for region/landsdelsinstitusjonar og knutepunktsinstitusjonar innanfor områda scenekunst, musikk, museum og biletkunst. Utvalet rådde òg til at det vart vurdert om delar av dei økonomiske midlane dei tre R-ane (Riksteatret, Rikskonsertane, Riksutstillingar) rår over, burde overførast til det folkevalde regionale nivået. Formuleringane er elles forholdsvis svake; det dreier seg om mål og målsetjingar, og det er ikkje, som på fleire andre felt (miljøvern, landbruk, næringsutvikling), forslag til heilt *konkrete* tiltak. Meldinga er likevel meir konkret når ho drøftar ulike modellar for organisering av det regionale nivået. Under ”Landsdelsmodellen” (med 5-7 store regionar; Vestlandet som éin av desse) heiter det (s. 122) om kulturfeltet at ein føreset at ”landsdelsregionene gis langt større råderett over de økonomiske virkemidlene for å kunne se sin satsing på kultur i sammenheng med sitt regionale utviklingsarbeid”. Når regionane er så store som i denne modellen, vil behovet for ”nasjonal styring og koordinering av kultursektoren reduseres, og landsdelsregionene bør kunne overta ansvaret for region-/landsdelsinstitusjoner og knutepunktsinstitusjoner innenfor områdene scenekunst, musikk, museum og billedkunst”. I tillegg bør regionane overta arbeidet til dei tre R-ane. Ein mindre radikal variant; ”Utviklingsmodellen” (med frå 10-19 regionale einingar) seier



mykje det same om kultursektoren, men med noko svakare og mindre forpliktande ord (s. 129-30).

Meldinga refererer til pågåande utgreiingsarbeid i Kulturdepartementet, der spørsmåla om regionalisering vil verte drøfta. Ei orkesterutgreiing skulle ta opp spørsmålet om rolla til R/L-institusjonane på *musikkfeltet* og Rikskonsertane. Denne utgreiinga kom i august 2001 (Nesheim 2001), men spørsmåla om mogleg regional overføring av ansvar og verkemiddel er *ikkje* berørte i denne utgreiinga. Når det gjeld *musea*, heiter det at departementet vil ta opp spørsmåla kring regionalisering i samband med oppfølginga etter Stortinget si behandling av den såkalla ABM-meldinga (arkiv, bibliotek, museum). I budsjettproposisjonen for Kulturdepartementet for 2002 vert det (s. 41-42) vist til at departementet gjennom Norsk Museumsutvikling er i gang med å førebu ein institusjonsstruktur med vesentleg færre og fagleg sterkare einingar, der ein m.a. skal styrkje den faglege kompetansen på regionalt nivå, og leggje til rette for ei nasjonal arbeidsdeling og samordning. Det har vore samordningsmøte med dei fleste fylkeskommunane og aktuelle vertskommunar. Men spørsmålet om eventuell regionalisering av verkemiddel og ansvar er ikkje eksplisitt berørt i proposisjonen. Fleire av dei regionale musea, også på Vestlandet, har uttrykt skepsis til den pågåande reforma, som dei meiner fører til sentralisering.

### *Ny scenekunstutgreiing*

Når det gjeld scenekunst, viser Kulturdepartementet til den pågåande scenekunstutgreiinga. Denne låg føre tidleg i april i år. Utgreiinga vart dårleg motteken på Vestlandet. Forslaget til nyorganisering av scenekunst-Noreg – med tre nasjonale institusjonar i Oslo (inkl. Riksteatret) med 100 pst. statleg finansiering, fire landsdelsinstitusjonar (Stavanger, Bergen, Trondheim, Trondheim) med 70-30 pst. finansiering (stat-fylke/kommune) og ei programfinansiering av andre institusjonar har møtt sterk motbør. Ikkje minst i Bergen. Noko som har klar samanheng med forslaget om å flytte Den Nationale Scene ned ”eit hakk” i insitusjonshierarkiet. Heller ikkje forslaget om eit Oslo-lokalisert statleg scenekunstråd som skal ha ansvar for programfinansieringa, vert møtt med særleg entusiasme. Det finst, hevdar ein i fleire regionar, meir enn nok av denne type kulturpolitiske og kunstnarlege funksjonar som er lokaliserte til og prega av miljøa i hovudstaden. ”Det er duket for en hovedstadsdominans, enten man liker det eller ikke”, skreiv Stavanger Aftenblad (4.4.02), og stiller spørsmålet: ”Teater for alle, eller for Oslo?” Hovudstadsperspektivet har fullstendig fått gjennomsyre all tenking, konkluderer Bergens Tidende (8.4.02), som undrar seg over om ”det er helt umulig å ta knekken på den seiglivede troen på det opplyste eneveldet i hovedstaden?” Det har òg kome sterke reaksjonar i media og frå kulturhald i dei to andre fylka.

Scenekunstutvalet omtalar ”Kommunesektorens rolle i finansieringen av scenekunst” over ei knapp side (kap. 5.4.3). Her går det fram at utvalet har diskutert å gi kommunesektoren ”en større rolle innenfor scenekunsten”. Spesielt har ein drøfta å desentralisere og gi auka ansvar til landsdelsnivåa. Men utvalet har

ikkje sett det som ønskjeleg å byggje opp eit nytt "kulturbyråkrati" på regionalt nivå. Og fylkeskommunane er "ikke av en slik størrelse at de bør ha eneansvar for knutepunktsinstitusjoner". Det nye Scenekunstrådet skal derimot vere ope for omfattande kontakt og samarbeid med kommunar og fylkeskommunar. Utgreiinga nemner ikkje forslaga frå Oppgåvefordelingsutvalet eller den etterfølgjande stortingsmeldinga. Det vert berre kort (kap. 3.7.6) vist til at det i Danmark har vore gjennomført forsøksordningar med regionalt sjølvstyre av kulturmidlar, og at det er foreslått ei forsøksordning med regionale "kulturpåsar" i Sverige. Utvalet må tolkast slik at det *ikkje* tykkjer at ein i vårt land er modne for denne type eksperiment og regionalt sjølvstyre. Tvert imot legg scenekunstutvalet gjennom sine forslag opp til ei sterkare *sentralisering*. Spørsmålet om mogleg regionalisering på landsdelsnivå vert avfeia med at det ikkje er ønskjeleg med eit nytt "kulturbyråkrati". Derimot synest det ikkje å vere noko i vegen for oppbygging av *nok* eit ledd i det veksande "kulturbyråkratiet" i hovudstaden. Det er elles grunn til å merkje seg at Scenekunstutvalet heller ikkje drøftar (eller nemner) spørsmålet om ei mogleg desentralisering av verksemda til Riksteatret. Orkesterutgreiinga nemnde heller ikkje tilsvarande når det galdt Rikskonsertane. I det heile synest spørsmåla om mogleg regionalisering på kultur- og kunstfeltet å stå lågt på dagsorden i utval som Kulturdepartementet nemner opp. Det stiller seg annleis i utval som Kommunal- og regionaldepartementet er ansvarlege for eller i dokument som dette departementet utarbeider.

I dag er det i følge Scenekunstutvalet 17 scenekunstinstitusjonar i Noreg organiserte som sjølvstendige rettssubjekt, som mottek tilskot direkte over statsbudsjettet. Heile sju av desse, eller 41 pst., finn i "vår" vestlandsregion. Er det heilt utenkjeleg at ansvaret for desse som eit prøveprosjekt kunne overførast til "Kulturregion Vestlandet" etter ein modell med *avtalebasert styring* og *regionalt partnerskap*? Treng vi gå på tvers at dei tendensar som gjer seg gjeldande i andre land i Vest-Europa?

Kulturdepartementet peikar i sine merknader til St. meld nr. 31 (s. 70) elles på at ein føreset at "det fortsatt skal føres en nasjonal kulturpolitikk i Norge". Det vert òg vist til at kultursektoren i liten grad er lovregulert, og at kommunesektoren "har betydelig grad av oppgavefrihet".

Å styrkje fylkeskommunens utviklingsoppgåver på kulturfeltet inneber, slik Oppgåvefordelingsutvalet og – i alle fall – den førre regjeringa såg det, ei betydeleg overføring av ansvar og verkemiddel frå statleg til regionalt nivå. Så langt kan ein konstatere at Kulturdepartementet, eller utval oppnemnde av dette departementet, ikkje har vurdert desse forslaga, og at ikkje ligg føre konkrete forslag om oppfølging. Departementet si understreking av m.a. behovet for ein nasjonal kulturpolitikk, tyder heller ikkje på at ein møter forslaga med særleg entusiasme.

## **Funksjons- og ansvarsdelinga på kulturområdet**

Det var kulturmeldinga frå 1992 og stortingsbehandlinga i etterkant som innførte dagens tredelte modell for ansvar og finansiering av norske kulturinstitusjonar: nasjonale institusjonar med 100 pst. statleg finansiering, knutepunktsinstitusjonar med regionale oppgåver og 60 pst. statleg og 40 pst. regional/lokal finansiering, og dei såkalla regionale/landsdelsinstitusjonane (berre på scenekunst- og orkesterfeltet) med 70/30 finansiering fordelt på stat og regionalt/lokalt nivå.

I dei fire vestlandsfylka er det i dag 18 kulturinstitusjonar som inngår i denne tredelte finansieringsordninga. Fem av desse er i Rogaland, sju i Hordaland, éin i Sogn og Fjordane og fem i Møre og Romsdal. Fem av dei 18 institusjonane er nasjonale, fem er knutepunktsinstitusjonar og åtte er regionale/landsdelsinstitusjonar. Det er sju institusjonar innan scenekunst, fem musikk institusjonar (inkl. Festspillene i Bergen, Molde Internasjonale Jazzfestival og Operaen i Kristiansund), fire museum/kunstsamlingar og to andre institusjonar (Nynorsk kultursentrum, Jugendstilsenteret).

Dersom stortingsmelding nr. 31 om oppgåvefordeling skulle følgjast konkret opp på kulturfeltet, ville det for ein mogleg Vestlandsregion innebære at *ansvaret for og økonomiske verkemiddel overfor 13 av 15 kulturinstitusjonar skal overførast frå staten til det regionale nivået*. Dette gjeld seks scenekunstverksemder, tre kunstmuseum og fem musikk institusjonar. Slik stortingsmeldinga er å forstå, tenkjer ein seg at dei nasjonale institusjonane framleis vere eit reint statleg ansvar.

Det er likevel, som vi alt har vore inn på, grunn til å streke under at stortingsmeldinga sine formuleringar er vage og forholdsvis uforpliktande når det gjeld institusjonar og verkemiddel på kultursektoren. Så langt ligg det ikkje føre *konkrete* forslag til regionalisering korkje av verkemiddel eller av institusjonar. Framleis dreier det seg om mål – utan tidfesting. Korkje innstillinga frå Oppgåvefordelingsutvalet eller den etterfølgjande stortingsmeldinga og stortingsbehandlinga av denne har ført til noko særleg offentleg ordskifte om framtidig ansvars- og funksjonsdeling på kulturområdet. Den siste stortingsmeldinga om oppgåvefordeling nemner ikkje spørsmåla om mogleg regionalisering av statleg ansvar og verkemiddel på kulturfeltet i det heile. Scenekunstutvalet (og Orkesterutgreiinga) drøftar heller ikkje dette spørsmålet. Kulturdepartementet har heller ikkje synt særleg interesse.

I tillegg til dei institusjonane som er nemnde ovanfor, finst det ei rekkje kulturverksemder og -tiltak i alle dei fire fylka som er finansierte med midlar frå både statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar utan at dei høyrer inn under den nemnde finansieringsordninga. M.a. gjeld dette ei rekkje årlege større og mindre festivalar og andre arrangement, som til saman dekkjer eit vidt kulturelt og kunstnarleg spekter. To av desse har status som knutepunktsinstitusjonar, og får løyvingar direkte og fast over statsbudsjettet. Fleire andre er bortimot faste postar på Kulturrådets ordning med festivalstøtte.

Talet på kunstfestivalar rundt om i landet har auka sterkt dei siste åra. Ein festival (eller eit lokalt spel) *kan* forståast som eit lokalsamfunns opprør mot den kulturen ”som er fratatt dem av den sentraliserte kulturpolitikk” (Gran/Ohrem 2000). I tilfelle har det vore gjort mange slike opprør i det siste. Det kan uansett vere nærliggjande for ein mogleg ”Kulturregion Vestlandet” å ta på seg eit regionalt kulturelt, politisk og økonomisk koordineringsansvar for dei mange festivalane i regionen. Men også her er ein avhengige av ei form for makeskifte med staten.

### *Grenser for desentralisering?*

Det er langt frå sikkert at eit konkret forslag om å overføre ansvaret for R/L-, knutepunktinstitusjonar og festivalar, og delar av verksemnda til dei tre R-ane, vil skape særleg begeistring i kultur- og kunstlivet generelt eller hos dei aktuelle institusjonane som vil bli berørte. Viktige delar av kunst-Noreg er av mange grunnar skeptiske til den kulturelle og kunstnarlege innsikta og kompetansen regionalt og lokalt, og etablerte institusjonar som er innanfor statsbudsjettets rammer, vil nødvendig vekk derifrå. I kunstnarmiljøa er det til dels sterk motstand mot desentralisering av kulturpolitiske verkemiddel. Erik Fossåskaret, som også er godt forankra i det lokale og folkelege kulturlivet, tek i ein artikkel opp temaet om det ikkje finst grenser for desentralisering i norsk kulturpolitikk. Hans konklusjon er at i *kulturfagleg* forstand har desentraliseringa gått for langt, utan at dette nødvendigvis inneber at dette også gjeld i *geografisk* forstand. ”Om politikarar og byråkratar i distriktskommunane hadde vist vesentleg meir respekt for kunst- og kulturfagleg kompetanse, ville spørsmålet om grenser for kulturpolitisk desentralisering falle bort”, hevdar Fossåskaret, og føyer til at distriktspolitikarane for ein del har diskvalifisert seg i kunstfagmiljøa ved å vere så instrumentelle i sin kulturpolitikk (Fossåskaret 2000b:36-37).

Eg nemner ikkje dette for å uttrykkje mogleg eigen skepsis mot ei sterkare regionalisering av kulturpolitikken. Men frå regionalt kulturpolitisk hald er det all grunn å ta dette på fullt alvor. Det er ikkje (berre) kunstnarleg arroganse og kulturell ”uvitenhet” som ligg til grunn for kunstlivets skepsis til desentralisering og regionalisering av ansvar og økonomiske verkemiddel på kulturfeltet. Ein gjer rett i å vedgå at Fossåskaret peikar på noko ikkje heilt uvesentleg, når han trekkjer fram mangelen på respekt for ”kunst- og kulturfagleg kompetanse” hos distriktspolitikarar og –byråkratar.

Uansett bakgrunn og motiv: ein må vere budd på at det vil reise seg til dels sterke krefter som vil setje seg i mot at regionane si kulturpolitiske makt skal styrkjast på kostnad av staten. Det inneber òg at dei som eventuelt vil ta på seg å arbeide for t.d. utvikling av ”Kulturregion Vestlandet” ut frå dei retningslinjene som ligg føre i stortingsmeldingane om oppgåvefordeling, må vere medvitne om dei skeptiske haldningane som finst, og følgjeleg knyte arbeidet opp mot klare kvalitetskriterium. Målsetjingane må vere tydelege, og forankra i kunst- og kulturfagleg kompetanse på høgt nivå. Ved å samle Vestlandet i ein kulturregion og lage breie faglege nettverk må ein gjere det klart at også vil markere regionen i

internasjonal kultursamanheng. Profilen må gjerne vere forankra i det regionale, og ein må tydeleggjere satsingane som sjølvstendige alternativ til hovudstadsmiljøa, men Vestlandet skal gjennom dette også stå tydeleg fram på den europeiske (eller internasjonale) kulturarenaen. Ambisjonane *må* vere høge, og ein må sikre seg den nødvendige kunst- og kulturkompetansen. Ein kan for så vidt lære ein del av dei negative erfaringane som vart gjort gjennom KB 2000, der fyrårna var svært få, der den kommunale nytteverdien vart for sterkt framheva, og der ein mangla målsetjingar ”om å frambringe og presentere kunstuttrykk på europeisk toppnivå” (evaluator Jostein Gripsrud til Bergens Tidende 4.12.2001). Gripsrud ser dette i samanheng med konsentrasjonen om små produsentar, frivillig kulturliv og ”tilstedeværelse over det meste av Vestlandet”. Det store talet på arrangement ”besto i stor grad av tilstelningar med ganske hverdagslig og lokal profil”.

Ein mogleg ”Kulturregion Vestlandet” *må* vere noko meir enn ein overbygning over det eksisterande kunst- og kulturlivet i dei fire fylka. Den nye regionen må skape ein kulturell ”meirverdi”. Best gjer han truleg dette ved å stå fram som ein sjølvmedviten kulturell region som profilerer seg sjølv gjennom kulturelle og kunstnarlege merkevarer av høg kvalitet – gjerne i eit konkurranseforhold til nasjonalstaten, og med ambisjonar om å markere regionen også på europeiske og internasjonale kunstarenaer.

Noralv Veggeland (sjå vedlegg) trekkjer òg fram som ein tendens i dagens regionalisme med konkurranse mellom regionar, at ein brukar regionen (eller staden) som *merkenamn* knytt til større arrangement, festivalar og utstillingar som skapar økonomiske ringverknader. Kultur og identitet har i eit slikt system også ei klar kommersiell side, ved at identitetsytringar samtidig representerer ein attraksjon som kan omsetjast som eit produkt og for pengar, og slik direkte styrkje regionens konkurranseevne. Dette er ”markedsøkonomiens inntrenging i identitetssfæren”. Kulturelle og økonomiske strukturar vert samanvevde, og bør kunne utnyttast av lokale/regionale styresmakter og entreprenørar. Men dette er samtidig knytt til aukande medvit om eigenverdi og regional identitet.

Dette høyrer kanskje taltalande ut? Truleg byr det kanskje heller ikkje på så store vanskar å semjast om overordna målsetjingar for ein ny kultur- og identitetsregion på Vestlandet. Men det er eit lite stykke veg å gå før ein eventuelt kan starte diskusjonen om målsetjingar.

## **Kultursamarbeid i dag**

For det finst ikkje så svært mange konkrete samarbeidsaktivitetar på kulturområdet mellom dei fire vestlandsfylka i dag. Den generelle interessa for og talet på slike aktivitetar er likevel klart aukande. Vi skal nedanfor nemne ein del samarbeidstiltak som er i gang og/eller under utvikling. Oversynet gjer *ikkje* krav på å vere fullstendig.

### *Etablerte tiltak*

Nokre aktivitetar har fylkeskommunane samarbeidd om lenge. Det gjeld m.a. ein ambulerande *bokbåt*, ”Epos”, som er eit samarbeidstiltak mellom Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Bokbåtdrifta starta i Hordaland i 1959, og har vore eit interfylkeskommunalt samarbeidstiltak mellom dei tre nemnde fylka heilt sidan 1964. I tillegg til utlån av bøker har bokbåten også ei viktig oppgåve som formidlar av levande kultur, som t.d. dokketeater, gjøgling, musikk, eventyrforteljing og opplesing.

*Vestlandsutstillingen* er også eit etablert tiltak. Alle dei fire fylkeskommunane gir tilskot til denne utstillinga som ambulerer mellom større utstillingsstader i dei fire fylka. Utstillinga vert driven i fellesskap av kunstnarorganisasjonane og kunstforeiningar i dei fire fylka med eit eige råd som ansvarleg. Ho har eksistert i rundt 80 år. Sogn og Fjordane kom ikkje med før ca. 1980. Dei fire fylkeskommunane yter eit årleg samla tilskot på kr 500.000. Dei siste åra har utstillinga vore strengt kuratorstyrt. Det har skapt ein del misnøye m.a. med omsyn til representativitet. Dei fire fylkeskommunane vurderer m.a. av den grunn ta på seg eit noko sterkare ansvar for utstillinga i samarbeid med dei aktuelle kunstforeiningane.

Samarbeidsorganet *SAVOS* (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) vart etablert i 1993 av dei seks fylkeskommunane frå Møre og Romsdal kysten rundt til Aust-Agder. Formålet er å fremje samarbeidet mellom dei seks fylkeskommunane og å utvikle og delta i aktive tiltak både nasjonalt og internasjonalt. Sekretariatet er lagt til Stavanger. *SAVOS* er delt inn i fem faggrupper; ei av desse innan Kultur og utdanning. På kultursida har ein her m.a. engasjert seg sterkt i temaet kystkultur, og medverka til utarbeiding av ein landsdelsplan for verneverdige fartøy. *SAVOS* fungerer òg som koordinator for medlemsfylka sitt arbeid innan Interreg (Nordsjøprogrammet) og *NORA* (Nordisk Atlantsamarbeid). Innanfor Interreg er fleire av fylkeskommunane involverte i arbeid med ulike internasjonale kulturprosjekt. Det gjeld særleg prosjekt innan kulturminnevern/kulturarv og utvikling av kulturbasert turisme, som m.a. Nordsjøløypa, Destination Viking, The Kings’ Route og NorBAR. Både Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar er i ulik grad engasjerte i desse prosjekta, som partner og/eller ”lead partner” (sjå elles heimesidene til *SAVOS* og fylkeskommunane som gir utførleg informasjon om prosjekta).

Arbeidet innanfor dei nemnde programma reflekterer den generelt auka interessa og større mulegheiter for *eupeisk og internasjonalt* samarbeid. Alle fylkeskommunane har eit aukande engasjement på dette feltet. I særleg grad, men ikkje utelukkande, rettar denne interessa seg vestover. Mange av prosjekta avspeglar det faktum at fylkeskommunane på Vestlandet er fagleg sterke når det gjeld kulturarv og kulturminnevern, og at ein vil leggje til rette for utnytting av dette også i turismesamanheng. Også eit aukande tal kommunar på Vestlandet deltek i internasjonale prosjekt. Særleg gjeld dette dei store byane. Det er òg ei

utvikling i retning av desse samarbeider internasjonalt, m.a. gjeld dette Bergen og Stavanger.

### *Nye tiltak*

På *idrettsfeltet* har dei fire fylkeskommunane – saman med dei respektive idrettskrinsane – innleidd eit samarbeid no i 2002. Formålet er m.a. å finne fram til nye regionale samarbeidsformer og –løysingar, og å etablere ein felles idretts-, friluft- og anleggspolitikk for Vestlandet. Å skape ein samla strategi mot ”sentraliseringsrørslene” er òg eit uttalt mål. Det er førebels tenkt i retning av idrettspolitisk og administrativ koordinering, og felles innsats på felt som t.d. ungdom, idrett og førebyggjande helsearbeid. Ei utgreiing skal leggjast fram innan 15. september i år. Deretter skal det utarbeidast modellar for vidare samarbeid og regionorganisering, ev. også forslag til moglege partnerskapsavtalar. Her har ein drøfta spørsmålet om ein meir heilskapleg regional idretts- og anleggspolitikk, og også ei mogleg regionalisering av dei statlege spelemidlane, slik at regionen får ansvar for og råderett over desse. Det dreier seg om rundt 100 mill. kroner årleg til saman for dei fire vestlandsfylka. Det må i tilfelle gjerast avtale med Kulturdepartementet om dette. Ein tenkjer det organisert som eit forsøksprosjekt. Omgrepet ”Forsøksregion Vestlandet” har vorte nytta. Spørsmålet har enno ikkje vore teke opp med departementet. Ein vil òg få i gang ein vestlandskonferanse om Idrett og friluftsliv, som skal skipast til annakvart år og alternere mellom fylka. Første konferanse vert tidleg neste år. Det er Hordaland fylkeskommune som har teke initiativet til dette idrettssamarbeidet.

Det er også teke initiativ til etablering av *Kulturnett Vestlandet*, som skal eit ikt-basert system for kulturinformasjon for Vestlandet. Prosjektet byggjer på det eksisterande Kulturnett Sogn og Fjordane. Det er søkt Kulturnett Norge/ Kulturdepartementet om 400.000 kroner til eit forprosjekt. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vil gå inn med kr 50.000 og kr 75.000. Førebels er det desse to som står bak forprosjektet, men Møre og Romsdal og Rogaland vil også verte inviterte til å vere med på tiltaket.

På *museumsfeltet* er det i Hordaland (Salhus) under utvikling eit fellesmagasin og etablering av fellestenester på områda tekstil, metall og konservering/restaurering. I første rekkje er dette tenkt å betjene musea i fylket, men i museumsplanen for Sogn og Fjordane er det gjort klart at musea her skal gjere seg nytte av desse fellestenestene. Rogaland har eigen kompetanse på dette feltet. Når det gjeld samarbeid om (vandre)utstillingar o.l., var det meir av dette for 10-15 år sidan enn det er i dag. Det eksisterer likevel (lause) planar om tematiske fellesutstillingar med utgangspunkt i kystkulturen, vestlandsarven o.a. Førebels har det ikkje vore noko felles vestlandsinitiativ i tilknytning til Kulturdepartementets oppfølging av museumsdelen av ABM-meldinga.

Sidan vi alt har nemnt utviklinga i retning av nynorsk som eit vestnorsk regionspråk, kan vi her òg ta med at *Noregs Mållag* har tilsett ein eigen såkalla

”vestlandsskrivar”. Han har kontorstad i Bergen, og arbeider med organisasjonsbygging og lokal mållagsaktivitet i vestlandsfylka.

### *Nyetablerte vestlandsinstitusjonar*

Det er vidare eit tidstypisk utviklingstrekk at nokre relativt *nyetablerte* kulturinstitusjonar – rett nok av ulike grunnar – har, eller gjerne vil ha, fleire vestlandsfylke som arbeidsområde. Alle desse tiltaka har sitt utspring i Bergen.

Vi kan her nemne *Vestnorsk jazzsenter* i Bergen (etablert 1996), eit av fem regionale jazzsentra, med Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane som geografisk område. Alle tre fylkeskommunane (og Bergen kommune) medverkar til finansiering av senteret, sjølv om Rogaland og Sogn og Fjordane sine delar er små samanlikna med Hordaland. Vestnorsk jazzsenter har vore det mest vellykka av dei fem jazzsentra. *Det* har mykje å gjere med at både Bergen og Hordaland har bidrege tungt finansielt alt frå starten. Mesteparten av aktiviteten til Vestnorsk jazzsenter er konsentrert til Bergen. Møre og Romsdal høyrer med under Midtnorsk jazzsenter i Trondheim, men det har vore lite aktivitet i fylket, og fylkeskommunen gir ikkje tilskot til verksemda i Midtnorsk jazzsenter.

På filmområdet er *Vestnorsk filmsenter* etablert i Bergen med betydeleg driftsstøtte både frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. I fjor gjekk Stavanger kommune inn med toårig driftsstøtte og prosjektmidlar til senteret, mens Rogaland fylkeskommune signaliserte interesse utan å gå inn med midlar. Dagleg leiar for senteret skal ha nokre kontordagar for månaden i Stavanger. Det er ikkje gunstig med nokon krig mellom Stavanger og Bergen når det gjeld filmproduksjon, seier kultursjef Rolf Norås til Stavanger Aftenblad (22.2.01). ”Vi bør heller inngå en allianse og skape et kraftsentrum for film her på Vestlandet”, held han fram. Men Kulturdepartementet opplever ein ”som nesten ugjennomtrengelig” (styreleiar Lene M. Løtvedt til Stavanger Aftenblad 18.9.01). Det er òg kontaktar med både Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar; særleg miljøet kring Høgskulen i Volda er interessant. På sikt er det ønske om at begge fylka i nord kjem inn på eigarsida i selskapet.

Innan områda kulturlandskap, arkitektur, kunst og design er selskapet *Vestform* under skiping. Initiativet kjem også her frå Bergen (Bergen Byformsenter). Både Rogaland og Sogn og Fjordane er i år inne med ei beskjeden driftsstøtte, Hordaland med større midlar. Forprosjektet var fullt ut finansiert av Bergen kommune. Møre og Romsdal vert også invitert til å vere med. Ambisjonane er store. Av utkastet til programnotat går det fram at Vestform m.a. skal utvikle Vestlandet som region i internasjonal samanheng med tydeleg kulturell identitet, motverke einsidig sentral dominans i utvikling av form og samfunn, fremje vestlandskulturen og regional identitet. Men det er ei avventande haldning til prosjektet både i Rogaland og Sogn og Fjordane. Ein vil medverke til å halde Vestform i live inntil vidare, men sjå seinare støtte i samanheng både med oppnådde resultat og med anna vestlandssamarbeid.



*Vest Norges Opera* kan òg nemnast. Skipa, det også, av Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune i 1996 med siktemål å vere ”Vestlandets spydspiss og regional satsing innenfor dette kunstfeltet” (styreleiar Eva Grimstad i Bergens Tidende 22.8.01). Fram til år finansiert av dei to skiparane saman med betydelege private sponsormidlar. I år kom VNO inn på statsbudsjettet med ei løyving på 1,4 mill. kroner. Men dei andre vestlandsfylka er ikkje med på denne satsinga. Både Møre og Romsdal (særleg) og Sogn og Fjordane har sine egne store operasatsingar. *Operaen i Kristiansund* har vore kontinuerleg i drift sidan 1971, og har funksjon som ressurs- og kompetansesenter for distriktsoperaverksemd over heile landet, og bidra til realisering av oppsetjingar. Operaen her er òg sekretariat for samarbeidsnettverket Distriktsoperaene i Norge. Det statlege driftstilskotet for 2002 er 6,9 mill. kroner. Dette utgjør 68 pst. av dei offentlege tilskota. Fylkeskommunen og vertskommunen dekkjer 16 pst. kvar.

Felles for dei tiltaka som er nemnde ovanfor (med unntak av Operaen i Kristiansund) er at dei har sitt utspring i fagmiljø i Bergen, at både Bergen kommune (særleg) og Hordaland fylkeskommune har vore nøkkelaktørar på finansieringssida i startfasen, og at ein etterkvart, både av strategiske og finansielle årsaker, prøver å trekkje dei andre fylka og dei aktuelle miljøa der med seg. Å utvikle ei motvekt og eit alternativ til hovudstadsdominansen er ein del av konseptet bak prosjekta, som så å seie tek ”Kulturregion Vestlandet” på forskot. ”Et nytt Vestland tar form, og samarbeidet på Vestlandet vil bli tettere uansett fylkesinndeling”, konstaterer ein av initiativtakarane til Vestform, Anna Elisa Tryti, i Bergens Tidende (6.1.02). Ho ser òg Vestform som eit instrument for ”å demme opp mot den sterke sentraliseringen rundt Oslo som vi ser på disse feltene”. Ein slik strategi ligg bak dei aller fleste vestlandsprosjekta på kulturområdet – og på andre område.

### *Trekk ved samarbeidet*

Det er altså innan ikkje-institusjonaliserte kulturfelt som jazz, film og formgiving at ein alt frå starten tenkjer Vestlandet som region. Vi treng ikkje her spekulere i grunnane; dei kan vere fleire. Uansett gir dette uttrykk for ein tendens i tida. Og det stiller dei etablerte – og i hovudsak statsfinansierte – kulturinstitusjonane overfor regionale utfordringar. For desse har tradisjonelt i liten grad vist igjen utanfor fylkesgrensene, knapt nok utanfor grensene for byen der dei held til. Dei nasjonale institusjonane og knutepunktsinstitusjonane har ikkje vore eller vorte institusjonar og kompetansesenter for sine respektive regionar. Når ein konfronterer dei med dette, skuldar dei i hovudsak på manglande løyvingar frå staten.

”Det heile vil stå og falle på departementets evne og vilje til å skaffe fram desse ressursane”, seier styreleiar i Bergen Filharmoniske Orkester (BFO), Pål W. Lorentzen til avisa Firda (9.2.02) Saka det dreier seg om, er ganske enkel. Sogn og Fjordane ønskjer seg fleire besøk av BFO, og BFO vil gjerne verte (også) eit regionorkester. Då treng dei fleire faste muskarstillingar, slik at ein i periodar kan opptre med fleire orkester samstundes. Slik kan BFO verte både eit nasjonalt

orkester i beste forstand, og ha eit regionalt ansvar for symfonisk musikk på Vestlandet. Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane har skrivne brev om dette til Kulturdepartementet. Per i dag ligg saka der, men Lorentzen føler at forslaget ”har vekt begeistring i departementet”. Kanskje har han rett? For kort tid sidan nemnde i alle fall Kulturdepartementet opp fylkesdirektøren for kultur i Sogn og Fjordane som styremedlem i BFO.

Også på andre område har det dei seinare åra vore ein del kontakt mellom Sogn og Fjordane og kulturliv/kulturinstitusjonar i Bergen. Det gjeld m.a. i forhold til Festspillene, der folkemusikarar (og meisterkokkar) frå Sogn og Fjordane har delteke under ulike arrangement. Sogn og Fjordane fylkeskommune var med og støtta rundt 40 tiltak/prosjekt i samband med Kulturby Bergen 2000; ein del av desse også i Sogn og Fjordane. ”Satsinga på KB 2000 har vore svært verdifull for å etablere tettare kontakt med Bergen og Hordaland”, heiter det i årsmeldinga frå Hovudutval for kultur i Sogn og Fjordane (2000). ”Samstundes har samarbeidet gitt Sogn og Fjordane eit svært godt høve til å syne deler av det breie kulturlivet i fylket for eit stort publikum”.

Så kan ein jamføre desse merknadene med Jostein Gripsrud si evaluering av KB 2000, der han trekkjer fram utvatninga av profilen (nettopp) gjennom små produsentar, frivillig kulturliv og det at KB 2000 var til stades over det meste av Vestlandet (sjå ovanfor). Slik kan vi illustrere også nokre dilemma og motsetningsforhold ved val av mogleg profil for ”Kulturregion Vestlandet”: frivillig kulturliv eller kunstuttrykk på høgt europeisk nivå, få store fyrtårn eller mange kvardagslege tilstellingar?

Målt gjennom omfanget av eksisterande samarbeidstiltak og fellesprosjekt er det eit stykke fram før Vestlandet er etablert som ein ”kulturregion”. Men det er fleire ting i emning: SAVOS-samarbeidet synest å bere frukter, særleg gjennom å medverke til auka felles *internasjonalt kultursamarbeid* mellom fylka på Vestlandet. Her det mange spennande prosjekt på gang, samtidig som mange andre aktørar i kulturlivet i regionen i aukande grad vender seg mot Europa. Kontakten over Nordsjøen er meir omfattande enn over Langfjella. På *idrettsfeltet* er ein i ferd med å danne eit formelt vestlandssamarbeid, der ein også vil utfordre statsmakta når det gjeld forvaltning av betydelege spelemidlar. Ein del *nyetablerte* kulturorganisasjonar tenkjer – av fleire grunnar – heile Vestlandet alt frå starten av. *Tradisjonelle* kunstinstitusjonar – som Bergen Filharmoniske Orkester – er i ferd med orientere seg ut over bygrensene. (Men generelt er det enno slik på Vestlandet at denne type kunstinstitusjonar *ikkje* tenkjer særleg regionalt). Dei fire fylkeskommunane vil også prøve å revitalisere *Vestlandsutstillingen*, det eldste av dei kulturelle fellestiltaka på Vestlandet.

Dei nyaste vestnorske kulturinitiativa er alle ”*bergensbygde*”. Etter kvart har desse søkt både nedslagsfelt og legitimitet sørover og nordover. Det ligg sjølv sagt ein fare i dette. Alle fellestiltak og –initiativ kan og bør sjølv sagt *ikkje* vere forankra i Bergen. Sett frå t.d. Stavanger eller Ålesund er det relativt likegyldig om

”danskekongen” held til i København, Oslo eller Bergen. Ein mogleg ”Kulturregion Vestlandet” *kan og bør ikkje vere for sterkt bergensdominert eller bergensbasert.*

Det synest òg å vere slik at det er under utvikling ein del fellestiltak mellom dei to ”midtfylka” på Vestlandet; dvs. Hordaland/Bergen og Sogn og Fjordane. I og for seg verkar det ”rimeleg”. For dei to andre fylka kan det i ulike samanhengar vere naturleg med ei anna orientering. Vestlandsamarbeid på kulturfeltet skal og bør ikkje hindre at Rogaland også orienterer seg mot Agder og Møre og Romsdal mot Trøndelag. Dessutan er det slik at ingen vil samarbeide berre for samarbeidets skuld: Alle partar vil ha sjølve ha noko konkret att for samarbeidet. Dei vil ikkje berre løyve pengar til ulike fellestiltak. Derfor er det også viktig at ein tenkjer på insitament, gulrøter og ulike former for belønning.

## **Grunnlag og utfordringar**

Finst det så noko grunnlag for det vi i denne utgreinga kallar ”Kulturregion Vestlandet”? Eller vil ein kanskje ikkje kome lenger i dag enn det ein gjorde i 1985 – for 17 år sidan?

Ein vil nok kunne kome lenger, betydeleg lenger, i 2002 enn i 1985. Først og fremst fordi regionalisering og regionalisme i dag er på dagsorden – politisk, økonomisk, idémessig. Som fenomen heng dette saman med globalisering. Behovet for nasjonalstaten er redusert. Regionar, nye regiondanningar, vil stå på eigne bein. Regionalismen har også front mot sentrum og mot konsentrasjonen av økonomisk makt og kulturell kapital i hovudstadsområda. Men spørsmålet om omfordeling av kulturell makt mellom det nasjonale og det regionale nivået har ikkje stått høgt på dagsorden. Dei sterke regionale reaksjonane på den siste scenekunstutgreinga viser likevel at regionane er på vakt mot det dei oppfattar som ytterlegare statleg sentralisering på kulturfeltet.

Sjølv om kulturbudsjettet utgjer ein beskjeden del av det samla fylkeskommunale budsjettet, er fridomsgraden i disponeringa av desse midlane etter måten stor. Mange fylkeskommunar – også på Vestlandet – har teke på seg ei aktiv rolle som pådrivarar og medspelarar ved utvikling av tiltak, prosjekt og forsøksverksemd på kulturlivet i sine fylke, etterkvart også for tiltak som går utover fylkesgrensene. Fylkeskulturforvaltningane i vestlandsfylka har etter kvart betydeleg erfaring frå arbeid med regionale utviklingsoppgåver. Dette gjeld truleg Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i større grad enn dei to fylkeskommunane i sør. Her er storbyane Bergen og Stavanger meir sjølvstendige og dominerande aktørar i den regionale kulturpolitikken. Kultursektoren er elles ikkje etablert i striden mellom kva for oppgåver som bør liggje under *fylkesmannen* eller under *fylkeskommunen*. Det er heller ingen ”kulturstrid” mellom kommunar og fylkeskommunar. Tvert imot. Fylkeskommunens rolle i kulturpolitikken er rimeleg veldefinert.

I ein av dei få studiane vi har av fylkeskommunen som utviklingsaktør (Bolkesjø og Vike 1999) vert det lagt vekt på at ein utviklingsaktiv fylkeskommune må evne

å skape nettverk og etablere partnerskap. Vidare må ”insitamenta” (dvs. belønningane) vere klarlagde; kva har ein sjølve og samarbeidspartar igjen for å delta? Dessutan må det finnast nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse på ei rekkje felt, særleg om drivkrefter i den regionale utvikling, om iverksetjing og gjennomføring av tiltak osv. Ei av dei viktigaste erfaringane frå frifylkeforsøka midt på 1990-talet var at samarbeid og samordning var lettast der fylkeskommunens politiske rolle var ”mer knyttet til oppmuntrings- og dialogambisjonen enn til mer robuste former for makt” (ibid:41). Bolkesjø og Vike framhevar her for Telemarks vedkommande særleg kulturpolitikken, der ein kom svært langt med å realisere måla i fylkesplanen (til tross for pengemangel), ”takket være strategisk politisk tenkning og fagadministrasjonens potensiale i utviklingsarbeid” (ibid).

Ei styrking av fylkeskommunen si regionale utviklingsrolle skulle såleis representere ei positiv utfordring for fylkeskulturetatane, som dei både ut frå erfaring og kompetanse godt skulle kunne ivareta. Slik sett eignar kulturfeltet seg også særleg godt for eit nærmare samarbeid mellom dei fire aktuelle fylkeskommunane. Men dei må sjølve ta initiativet til dette, bestemme omfang, form og ambisjonar. Insitamenta må vere klare for dei involverte partane. Og det må ikkje vere slik at distrikta i hovudsak vert inviterte til å støtte bergensforankra tiltak. Ein må òg ha klart for seg at ambisjonane om regionalt kultursamarbeid ikkje skal vere særleg store før ein kjem til å utfordre statlege kulturpolitiske styresmakter – ved å rokke ved den etablerte funksjons- og ansvarsdelinga mellom stat og region på kulturfeltet. Men dette kan ein altså gjere med basis i dokument som staten sjølv har utarbeidd. Det *kan* vere freistande å forsøke dette – gjennom t.d. eit regionalt forsøksprosjekt på kulturområdet der ein tek utgangspunkt i målsetjingar og forslag i stortingsmeldingane om oppgåvefordeling. Og der ein byggjer på ei form for ”avtalebasert styring” mellom stat og region, og eit ”regionalt partnerskap” mellom institusjonelle og andre aktørar i regionen (jf. Veggeland, vedlegg). Ei slik tenking ligg m.a. til grunn for det prosjektet som fylkeskommunane no (kanskje) vil prøve å setje i verk på idrettsfeltet med regionalisering av dei statlege spelemlane.

På fleire måtar ligg forholda godt til rette for ei slik avgrensa utprøving på ulike delar av kulturfeltet. Men det finst også hindringar, dvs. faktorar som klart peikar i ei anna retning. Vi skal nedanfor prøve å oppsummere ulike faktorar og prosessar, og ut frå det kome med nokre forslag til vegar vidare for å realisere prosjektet ”Kulturregion Vestlandet”.

### **Grunnlag og føresetnader: mest positive**

- Det eksisterer ein – rett nok noko uklår – vestlandsidentitet (eller mentalitet) basert på felles historie, felles næringsvegar, egalitær samfunnsstruktur, verdigrunnlag. Denne strekkjer seg frå Jæren i sør til og med Sunnmøre i nord.
- Dei tradisjonelle vestnorske motkulturane er på vikande front. Dette inneber minkande kulturskilje mellom by og land på Vestlandet.

- Hovudstadens veksande kulturelle og økonomiske hegemoni medfører sterkare polarisering mellom hovudstad og Vestlandet, og lettare enn før å mobilisere til ”kamp” for meir rettferdig geografisk fordeling av ressursar.
- Nesten alle statlege forvaltnings- og rådgivingsorgan på kunst- og kulturområdet er lokaliserte til Oslo. Spørsmålet om regionalisering av desse er i ferd med å kome på dagsorden.
- Nye kulturtiltak som vert etablerte i dag, tenkjer i aukande grad Vestlandet som region.
- Spørsmålet om større regionalt nedslagsfelt for dei store kulturinstitusjonane i (særleg) Bergen har kome på dagsorden.
- Fylkeskommunale kulturstyresmakter har gode erfaringar frå arbeid med (entreprenørretta) regionale utviklingsoppgåver.
- Kulturområdet er lite og oversiktleg, og ikkje etablert i kompetansestrid mellom fylkesmann og fylkeskommune.
- Det er aukande vilje til samarbeid på Vestlandet, også til at Møre og Romsdal bør vere med i dette samarbeidet.
- Det er generelt aukande merksemd kring regionutvikling – og større vekt enn før på såkalla sosio-kulturelle regionar.

### **Grunnlag og føresetnader: meir negative**

- Det finst få kulturtiltak og –institusjonar som er felles for heile Vestlandet.
- I kulturlivet, og særleg i kunstlivet, er det generelt ei skeptisk haldning til og frykt for konsekvensar av desentralisering og overføring av makt og økonomiske virkemiddel frå stat til regionar og kommunar.
- Det finst ein klar sentrum-periferi dimensjon i kulturlivet også på Vestlandet
- Dei fleste større kultur- og kunstinstitusjonane er lokaliserte til Bergen (særleg) og Stavanger; dette gjeld m.a. 12 av 18 institusjonar som er heilt eller delvis statsfinansiererte gjennom dei tre ulike finansieringsmodellane.
- Initiativet til og finansiering av dei nye kulturtiltaka med regionale ambisjonar har nesten utelukkande kome frå Bergen (og Hordaland).
- Lokaliseringsstridar har verka hemmande på samarbeidet på Vestlandet.
- Møre og Romsdal er identitetsmessig eit kløyvd (to-, tredelt) fylke.
- Vestlandet er meir integrert som ”identitetsregion” enn som ”funksjonell” region. Det er òg store geografiske avstandar mellom sør og nord. Regionen utgjer ingen samanhengande ”kulturmarknad” på 1,15 mill. menneske.
- Ingen tradisjonar for/eksempel på at kulturlivet går ”i bresjen” når det gjeld forvaltningsmessige reformer. Tvert imot, kulturlivet plar stritte imot.

### **Spenningar og utfordringar**

- Storbyar spelar ei sentral rolle i kulturlivet, og særleg i det profesjonelle kunstlivet. På Vestlandet er dei to storbyane og den befolkningsmessige konsentrasjonen i dei to sørlege fylka av regionen.
- Ein må erkjenne storbyane si viktige rolle i kunstlivet, men samtidig unngå at alle nettverk, prosjekt, samarbeidstiltak osv. vert forankra i Bergen (særleg) og i Stavanger.

- Eit mogleg konkurranseforhold mellom Stavanger og Bergen kan også skape vanskar. Det same gjeld forholdet mellom sentrum og periferi, mellom det postmoderne, urbane og det tradisjonelle, folkelege.
- Store geografiske avstandar mellom sør og nord i regionen vil gjere forankring og regionsidentitet vanskeleg.
- Forholdet mellom kvardagskulturliv og profesjonell kunst/kunstnarar
- Forholdet mellom fyrstårn, internasjonal markering og europeiske regionambisjonar på det eine sida og frivillig kulturliv, amatørverksemd og lokal profil på den andre sida.
- Forholdet mellom det instrumentelle og nyttige og det kunstnarlege og kvalitetsmessige.
- Det at det finst ei form for ”vestlandsidentitet”, er slett ingen garanti for at innbyggjarane i regionen vil identifisere seg med kulturtiltak, -prosjekt o.a. i regi av ”regionen” eller med regionstemplet som merkevare
- Ein må vere budd på at eksisterande kulturinstitusjonar som i dag i hovudsak er statlege finansierte (innanfor det norske statlege ”kunstkonsernet”) i liten grad er innstilte på å delta i noka form for ”regionaliseringseksperiment”.
- Det er heller ingen grunn til å tru at staten (Kulturdepartementet i dette tilfellet) er særleg innstilt på å medverke til å realisere idéar og planar om ”avtalebasert regionstyring” på kulturfeltet.
- Må det byggjast opp eit nytt ”kulturbyråkati” på regionnivå for å forvalte den mogleg nye kulturregionen? Og skal dette eventuelt vere i Bergen?

### **Leggje strategisk vekt på**

- Utviklingsrolla til det regionale nivået, og fylkeskommunane sine gode erfaringar frå utviklingsretta arbeid på kulturfeltet.
- Det at kulturområdet er så lite lovregulert, og at det er eit oversiktleg område med statlege styrde strukturar.
- Konkret oppfølging av forslaga og målsetjingar på kulturområdet i den første stortingsmeldinga om oppgåvefordeling.
- Den siste stortingsmeldinga si vekt på regionale partnerskap og regionale utviklingsprogram
- Det at kulturlivet sjølv synest å gå føre – gjennom dei siste års etablering av selskap og føretak som ønskjer å femne om heile vestlandsregionen.
- Europeiske erfaringar med og trendar i retning av avtalebasert styring og regionale partnerskap.
- Det ønskjelege og kanskje nødvendige i å utvikle sterke regionar og regional identitet som ei motvekt mot hovudstadsområdet veksande kulturelle og økonomiske hegemoni.
- Det ønskjelege i å utvikle kraftfulle kulturelle og kunstnarlege sentra utanom hovudstaden.
- Behovet for å desentralisere/regionalisere forvaltnings- og rådgivingsorgan på kulturfeltet
- Forvaltninga av kulturregionen kan skje gjennom frigjering av ressursar ved nedbygging og utflytting av ”kulturbyråkati” frå Oslo til Vestlandet

- At initiativet har kome frå ein samla region – ut frå grundige drøftingar og refleksjonar m.a. om ein felles identitet, felles forståing og regionalt medvit.
- Ein vil byggje på samarbeid og nettverk mellom eksisterande institusjonar og tiltak på kulturfeltet, og leggje til rette for at desse gjennom turnéverksemd o.a. kan verte meir regionomfattande.
- Men ein bør òg leggje opp til eit pilotprosjekt ”*Kulturregion Vestlandet*”, der regionen etter avtale med staten overtar ansvaret for kulturinstitusjonar på Vestlandet og den regionale aktiviteten til dei tre R-ane.

Vi har ovanfor prøvd å peike på nokre premisser av ulike slag for realisering av ”Kulturregion Vestlandet”. Det er denne utgreiinga si haldning at ambisjonane for eit slikt prosjekt bør vere betydeleg større enn det å få til eit utvida samarbeid omkring turnéverksemd for kulturinstitusjonane i regionen. Prosjektet bør òg ha klare kulturpolitiske ambisjonar. Alt i 1985 vart det formulert ei målsetjing om at Vestlandsregionen ”burde kunne utgjere ei kulturpolitisk eining med slagkraft når det gjeld vidare utvikling av norsk kulturpolitikk”. Denne målsetjinga bør framleis leggjast til grunn.

Det er mange prosessar på gang no. Og mykje er uklårt. Det vi veit, er at den store Vestlandsutgreiinga skal opp til behandling i fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i juni i år; kanskje òg i Møre og Romsdal. Lite tyder på at vi i første omgang vil oppleve at dei fire fylkeskommunane (frivillig) går saman i ei ny stor eining. Som ein kunne vente, synest stemninga for dette å vere mest positiv i Hordaland og Bergen. For *kulturlivet* i dei fire fylka vil ikkje dette ha så mykje å seie. Dei regionaliseringsprosessane som alt er i gang, vil halde fram uavhengig av forvaltningsmessige strukturar. For *kulturforvaltningane* i dei fire fylkeskommunane kan (eller vil) det stille seg annleis. Dei vil vere meir avhengige av utfallet av den formelle regionaliseringsprosessen. Korleis og i kva grad veit vi likevel ikkje.

## **Nokre strategiske arbeidsområde**

Uansett bør den kulturpolitiske prosessen som dei regionale kulturstyresmaktene i dei fire fylka no har innleidd, følgjast opp. Ut frå dei føringane som alt ligg i stortingsmeldingane om oppgåvefordeling, og det vi elles har peikt på i denne utgreiinga, er det rimeleg at kulturstyresmaktene dannar pilotprosjektet ”Kulturregion Vestlandet”. Etter avtale (partnerskap) med staten bør dette prosjektet som ei forsøksordning overta ansvaret for og dei økonomiske verkemidla overfor utvalde kulturinstitusjonar og –tiltak i region. Prosjektet bør elles arbeide i tråd med det som er understreka i mange stortingsmeldingar om å styrkje utviklingsoppgåvene til det regionale nivået sine. Vi skal nedanfor trekkje fram nokre område som det i første omgang kan vere naturleg å konsentrere arbeidet kring.

### **1. Scenekunstfeltet**

For kort tid sidan vart innstillinga frå det statlege Scenekunstutvalet lagt fram. Neste steg er ei omfattande høyringsrunde. Sentralt i forslaget frå utvalet står den

nye inndelinga i tre nasjonale institusjonar, fire landsdelsinstitusjonar og programfinansiering av andre institusjonar og tiltak på feltet gjennom eit statleg oppnemnt (og Oslo-basert) scenekunstråd. Utvalet har utan å drøfte det, heilt avvist ei mogleg regionalisering av ansvaret for scenekunst. Grunngevinga er at det ikkje er ønskjeleg å byggje opp eit nytt "kulturbyråkrati" på regionalt nivå.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet, eventuelt saman med vertskommunane for aktuelle scenekunstinstitusjonar i regionen, bør ha som mål å lage *ei felles fråsegn* til innstillinga frå dette utvalet. I denne samanheng bør ein òg vurdere å lansere forslaget om eit regionalt pilotprosjekt, der regionen overtek ansvaret for scenekunstinstitusjonar og –aktivitet på Vestlandet. Overtaking av Riksteatrets oppgåver i Vestlandsregionen kan også naturleg gå inn som ein del av prosjektet.

I dei fire fylka er det til saman seks scenekunstinstitusjonar som høyrer inn under dagens kategoriar med knutepunkts- og R/L-institusjonar. I tillegg har regionen éin nasjonal institusjon på scenekunstoffeltet. Pilotprosjektet "Kulturregion Vestlandet" bør tilby seg å overta ansvaret for desse (eventuelt med unntak av nasjonale institusjonar i regionen), inkl. dei økonomiske verkemidla. Økonomisk dreier det seg om rundt 200 mill. statlege kroner. Scenekunstsektoren er i dag oversiktleg og sterkt institusjonelt prega, og velegna for regionalt ansvar og regional styring. Meir enn 40 pst. av institusjonane er lokaliserte til Vestlandsregionen. Behovet for utviklingstiltak er stort på feltet.

Regionen bør òg klart gi uttrykk for at dersom det vert vedteke å opprette eit statleg scenekunstråd, slik utvalet har foreslått, må dette lokaliserast til Vestlandet.

## **2. Idrettsområdet**

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet saman med dei respektive idrettskrinsane er i ferd med å utvikle eit sterkare og meir integrert samarbeid på idrettsområdet. Dei arbeider i retning av å etablere "Forsøksregion Vestlandet" på idrettsfeltet. Ein mogleg del av dette forsøket vil vere at regionen som ei prøveordning overtek ansvaret for fordelinga av dei statlege spelemidlane i vestlandsfylka. Dette gir grunnlag for ein heilskapleg idretts- og anleggspolitikk på Vestlandet. Økonomisk dreier det seg årleg om rundt 100 mill. kroner.

På same måte som for scenekunstoffeltet vil dette vere eit regionalt utviklingsretta partnerskap som kan gjennomførast etter avtale med statlege styresmakter. Prosjektet skal utgreiast regionalt i løpet av dei nærmaste månadene. Idrettsområdet kan – og bør – verte det første kulturpolitikkfeltet der "Kulturregion Vestlandet" utfordrar statens vilje og evne til regionalisering/regionale forsøk.

## **3. Internasjonalt samarbeid**

Kulturarbeidet på Vestlandet er i aukande grad retta mot internasjonalt samarbeid og internasjonale kontaktar. Det er eit fellestrekk at både fylkeskommunane og mange kommunar deltek i og samarbeider om stadig fleire internasjonale prosjekt



på kulturfeltet. Dette arbeidet skjer heilt uavhengig av statlege kulturstyresmakter i hovudstaden. Eit eige Brussel-kontor for Vestlandsregionen er òg under planlegging. Også kulturlivet i regionen er med i dette arbeidet.

På kulturminne- og kulturvernområdet har samarbeidet innan SAVOS og Interreg-programma vore viktige for utvikling av internasjonale prosjekt. Fleire av desse er også viktige i turismesamanheng. For ”Kulturregion Vestlandet” bør det generelt leggjast sterk vekt på styrking av dei mange prosessane som er i gang når det gjeld internasjonalt samarbeid.

#### **4. Desentralisering av kunst(nar)politikken**

Dei statlege verkemidla i kunst(nar)politikken har i forhold til regionane ikkje gitt dei resultat ein kunne vente. Kunstfeltet har det siste tiåret vore prega av sterk sentralisering til og kring hovudstadsområdet. Det gjeld også dei fleste kunstnargrupper og kunstmiljø, og ulike organ og instansar med kvalitetsnormerande og –kontrollerande oppgåver. Hovudstadens kunsthegemoni har vorte meir framtrudande dei seinare åra. I den nasjonale kulturpolitikken har det vore liten vilje til å drøfte konsekvensane av dette.

Å utvikle berekraftige kunstmiljø av høg kvalitet på Vestlandet som eit nødvendig supplement og alternativ til Oslo-området bør vere ei viktig oppgåve for ”Kulturregion Vestlandet”. Ei slik utvikling er også i nasjonal interesse. Ein må samtidig arbeide aktivt for å få lokalisert fleire forvaltningsinstitusjonar på kunst(nar)feltet til Vestlandet, og for regionalisering av fleire av verkemidla. Kunstnarstipend og midlar frå ulike fondsordningar på feltet kan vere eitt slikt aktuelt verkemiddel. Dette vil likevel vere omstridt, og møte motstand frå mange hald, særleg i hovudstaden.

”Kulturregion Vestlandet” bør tidleg utvikle strategiar med sikte på at fleire statlege og statleg finansierte forvaltnings- og rådgivingsinstitusjonar skal flyttast frå hovudstaden til Vestlandet. Det vil vere viktig at slike strategiar klart får fram at Vestlands-regionen har høg kompetanse på dei relevante fagfelta, og at denne kompetansen finst fleire stader i regionen; ikkje berre i Bergen.

#### **5. Festivalar/festspel o.l.**

Vi har ovanfor sagt at ein festival/lokalt spel *kan* forståast som eit lokalsamfunns opprør mot den kulturen ”som er fratatt dem av den sentraliserte kulturpolitikk”. Talet på slike festivalar og spel har auka svært mykje siste tiåret, ikkje berre på Vestlandet. Det moglege regionale kulturprosjektet bør byggje opp eit nettverk av og mellom desse, koordinere fellestiltak og –initiativ, marknadsføring osv. Noverande statlege støttemidlar bør forvaltast regionalt, og sjåast saman med dei betydelege regionale (og lokale) midlane som vert brukte for å støtte og byggje opp under festivalane. Strategisk bør ein nytte festivalane, særleg dei internasjonalt retta, til ei medviten merkevarebygging kring Vestlandet som framstående kulturregion.

## **6. Symbolsk makt og merkevarebygging**

Utvikling av ein mogleg kulturregion på Vestlandet dreier seg òg om å auke regionens symbolske makt. Å bidra til utvikling av regionalt medvit gjennom ulike former for merkevarebygging kan vere ein viktig strategi for dette. Som det m.a. går fram av Veggelands notat får kultur og identitet ei kommersiell side i eit system med konkurrerande regionar, der økonomiske og kulturelle strukturar i sterkare grad blir vevde saman. Regionale partnerskap er det organisasjonsprinsippet som fremjar både sosio-kulturelt særpreg og lokal identitet. Dette kan gjerast til ein utviklingsfaktor som regionen kan utnytte som eit konkurransefortrinn, noko som inneber også ei aukande vektlegging på kulturens instrumentelle side. Utvikling av særprega og kanskje prestisjefylte prosjekt på kultur- og turismesida kan vere vektige bidrag til å markere og auke regionens symbolske makt og samtidig styrkje næringsgrunnlaget. Strategiar kring dette bør vere på dagsorden for ”Kulturregion Vestlandet”.

## **7. Museumssamarbeid**

Museumsstrukturen i Noreg under omlegging. Det vil verte vesentleg færre og fagleg sterkare einingar. Kompetansen på regionalt nivå skal styrkjast. Fleire regionale museum fryktar likevel sterkare sentralisering på feltet. Det finst mange fagleg sterke og gode museum i alle dei vestnorske fylkeskommunane. Strukturendringane – og regionaliseringsprosessane – som no går føre seg, tilseier at musea i regionen snarleg bør ta initiativ til danning av eit felles museumsnettverk for Vestlandet.

## **8. Nynorskregionen Vestlandet**

Det nynorske språket står sterkt på Vestlandet. Tre av dei fire fylkeskommunane i landsdelen har nynorsk som offisielt språk. Som nasjonalspråk er derimot nynorsken under press. Både sentraliseringa og moderniseringa av offentleg sektor har svekka nynorsken. Det bør vere ei viktig oppgåve for ”Kulturregion Vestlandet” å arbeide for å styrkje det nynorske språket og for å auke bruken av nynorsk i samfunnet. M.a. gjeld dette innanfor dei regionale statsorgana og i statleg verksemd som no er omorganisert og ”fristilt”.

